

NYTT FOR

VESTLANDSBONDEN

Mars 2023 • 8. årgang




ÅRSMELDING 2022



Norsk
Landbruksrådgiving

Vest



TOPLAC®

- TROLIG NORGES BESTE KRAFTFØR

TopLac® - på topp i 22 år!

Da vi lanserte Fiskå TopLac for 22 år siden satte kraftføret en helt ny standard til høytstående melkeku.

Resepten inneholdt nye råvarer, og responsen i markedet var uten sidestykke. TopLac ble raskt favoritt i de nye robotfjøsene så vel som i stadig flere båsfjøs. Høyere grovføropptak var - og er - en egenskap som alltid er interessant for våre kunder.

Vi har videreutviklet føret kontinuerlig siden, og i dag er TopLac vårt mestselgende kraftfôr til melkeku og geit. Stadig flere bønder lar seg imponere over effekten på melkeytelse, kjemisk innhold og vomhelse.

Du får TopLac i fem varianter. Prøv du også.

- **TopLac® Nøytral** tilpasset middels grovfør
- **TopLac® Låg** tilpasset proteinrikt grovfør og ungt beite
- **TopLac® Høg** tilpasset proteinfattig grovfør og - rasjoner
- **TopLac® Fiber** tilpasset grovfør- og fibermangel
- **TopLac® Nøytral m/levende gjær** for økt forutnyttelse og mer melk

FISKÅ MØLLE
ROGALAND
51 74 33 00

FISKÅ MØLLE
ETNE
53 77 13 77

FISKÅ MØLLE
TRØNDELAG
73 85 90 60

FISKÅ MØLLE
FLISA
62 95 54 44

ØSTMØLLENE
69 81 49 40

RÅDE MØLLE
69 28 05 30

Fiskå Mølle
www.fiska.no



Håndbok i plantekultur

Ny utgave distribueres i mars 2023

Hold deg oppdatert gjennom sesongen og se også komplett oversikt over sortiment og preparatomtaler på

plantekultur.no

- Såvarer
- Plantevern
- Mineralgjødning
- Bladgjødning
- Kalk

BESTILLING:

Ta kontakt med
din lokale
forhandler

norgesfor.no



Presis gjødsling – viktigere enn noen gang

Det gjelder å treffe med dyrkings-tiltakene. Riktig gjødsling er viktig for avling og protein. Kostbare innsatsfaktorer utnyttes best gjennom store avlinger med god kvalitet.

VÅRE RÅD TIL GRASBONDEN:

- Vurder vekstforholdene og tilpass N-gjødslinga etter behov
- Få ut gjødsla tidlig om våren og raskt etter hver slått
- Husk å dekke plantenes svovelbehov til alle slåtter
- Bruk kantspreder – randsona er viktigere enn du tror
- Variert gjødsling gir jevnere kvalitet i graset – bruk presisjonsverktøy

Innhold

- 06 Årsmelding frå styret
- 08 Resultatrekneskap
- 09 Balanse per 31. desember
- 10 Notar
- 11 Medlemsorganisasjon, tillitsvalde og årsmøte
- 12 Utsendingar til årsmøtet 2023
- 13 Innstilling frå valnemnda
- 14 Saker til årsmøtet i NLR Vest
- 16 Fagleg aktivitet - jordbruk
- 24 Fagleg aktivitet - frukt og bær
- 32 Fagleg aktivitet - HMS, økonomi, bygg og maskinteknikk
- 40 Felles fagleg aktivitet
- 43 Tilsette
- 49 Prisliste

PS!
Innholdslista og
lenker i årsmeldinga
er klikkbare.



Årsmelding 2022 frå styret

Norsk Landbruksrådgiving (NLR) Vest utviklar og leverer heilskapleg, kunnskapsbasert og uavhengig rådgjeving tilpassa landbruksnæringa sine behov. NLR Vest tilbyr medlemmane individuell rådgjeving per telefon, e-post og ved gardsbesøk. Fagkunnskap vert utvikla gjennom forsøksverksemd og prosjektarbeid. Kompetanse og ny kunnskap vert delt med medlemmane gjennom kurs, fagmøte, elektroniske rådgjevingsmeldingar, publisering av landbruksfaglege artiklar på internett, sosiale medium, podkast og i landbruksfaglege tidsskrift. NLR Vest tilbyr ulike tenester til landbruket og næringslivet elles, og legg vekt på å vere ein god samarbeidspartnar med andre landbruksorganisasjonar.

ORGANISASJONEN

Organisasjon NLR Vest SA er ein av ti sjølvstendige regionar i NLR-organisasjonen. NLR Vest SA er ei samvirkeverksemd med medlemmar frå ti kommunar på Sunnmøre, Vestland fylke (minus Etne og Sveio) og fruktdyrkarar i Ryfylke. Hovudkontor er på Sandane i Gloppen kommune. I tillegg har NLR Vest kontor i Ålesund, Ørsta, Hellevik i Fjaler, Leikanger, Voss, Kokstad, Øystese, Lofthus og Rosendal. Medlemsdemokratiet er organisert i elleve krinsar, som vert samla til møte ein gong i året. Krinsane har eigne valnemnder og vel utsendingar til årsmøtet i organisasjonen. På krinsmøta vert det orientert om drifta og saker som skal opp på årsmøtet.

NLR Vest hadde 4004 medlemmar per 31.12.2022. Det er ein auke på 16 medlemmar (0,4 %) frå førre årsskifte. Medlemstalet varierer gjennom året, men det har vore stabilt rundt 4000 i 2022.

Etter koronapandemien har styret jobba digitalt. Det har vore ni styremøte, der eitt har vore fysisk og dei andre digitalt. Dei viktigaste sakene i 2022 har vore økonomien til selskapet, rekruttering, ny strategi i NLR i perioden 2023-2025, i tillegg til organisasjonsprosessen organisasjonen står i. Strategisk retning i ein organisasjon er ein viktig premiss for kva retning ein skal ta i tida framover. I NLR-familien har arbeidet med strategi vore løfta både i styreleiarforum og i daglegleiarforum. Strategien som NLR har utarbeidd for perioden 2023-2025 vart og vedteken i styret hausten 2022. Det er utarbeidd ein handlingsplan for 2023 som underbygger strategien som er vald.

Prosessen frå 2021 med å tilsette ny dagleg leiar førte fram. 1. mai 2022 starta ny dagleg leiar opp i stillinga. Styret har hatt fokus på at ny leiar har fridom til å utvikle den organisasjonen som trengst for å sette strategien som er vedteken ut i live. Det vil krevje endringar både i oppfølging av tilsette og arbeid med struktur og arbeidsmetodikk for å svare ut dei ulike hovudmåla som er sett.

ORGANISASJONSPROSESSEN I NLR

I jordbruksoppgjæret 2022, for framleis å kunne motta tilskot over jordbruksforhandlingane, fekk NLR eit opp-

drag. Innan 1. mars 2023 skal NLR svare landbruksdirektoratet korleis NLR skal kunne organiserast som ei juridisk eining og samstundes korleis dette selskapet kan etablerast innan 1.1.2024.

NLR står no ved eit vegskilje. På eine sida kan ein behalde dagens organisering i sjølvstendige einingar, med ei service-eining som utfører oppgåver på vegner av fellesskapet i framtida, men då utan tilskot over jordbruksavtalen f.o.m. 2024. På den andre sida kan einingane og servicekontoret gå saman i fellesskap i eit nytt NLR SA, og med dette grepet sikre tilgang til støtte over jordbruksavtalen. I tillegg vert det stilt krav om at ny organisasjon skal ha sterk lokal og regional nærvær. NLR Vest har vore involvert i arbeidet gjennom si deltaking i prosjekt Omega. Alle einingane i NLR deltar i prosjektarbeidet og leveransane skal vere klare til årsmøta i perioden mars-april 2023. I tillegg skal NLR svare Landbruksdirektoratet sitt oppdragsbrev innan 1.mars.

Tilskot over jordbruksavtalen har for eit samla NLR vore om lag 98 millionar årleg dei siste 3 åra. Desse midlane finansierer ein viktig del av drift og utvikling knytt til rådgjeving i heile landet. For NLR Vest SA er midlane avgjerande for den aktivitet som selskapet har og det er viktig å vere ein ansvarleg organisasjon som framleis sikrar den statlege støtta som trengst for å oppretthalde best mogleg rådgjeving i NLR Vest sitt område.

RETTVISANDE OVERSIKT OVER UTVIKLING OG DRIFT

I driftsåret 2022 var samla omsetnad i NLR Vest SA kr 33 552 792,-. Resultatet før skatt var eit underskot på kr 2 733 266,- og årsresultat etter skatt minus kr 2 741 999,-. Resultatet er svakare enn tidlegare år og underskotet skuldast fleire forhold i driftsåret. Omsetninga auka noko i 2022, mens kostnadsveksten var endå større. Generell kostnadsauke, nokre forhold knytt til bemanningssituasjon, ingen real auke i rammetilskot og for låge prisar for tenestetilbodet er nokre av grunnane for situasjonen. Eigenkapitalen pr. 31.12.2022 var kr 3.449.651,- og utgjer 34,3 % av totalkapitalen. Likviditeten i selskapet var pressa på tampen av året og behovet for likviditet vart løyst med ein driftskreditt i desember.

Styret meiner årsrekneskapen gjev eit rett bilete av verksemda sine eignelutar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

FRAMLEIS DRIFT

Styret meiner det er rett å leggje føresetnad om framleis drift av verksemda til grunn for avlegging av årsrekneskapen.

FORSKINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR

Også i 2022 har det vore stor fagleg aktivitet både innan dei tradisjonelle produksjonane ute på gardane, og innan økonomi, bygg og HMS. Jordprøver og gjødslings-

planar er framleis «grunnfjellet» i NLR Vest, og utgjør ein stor del av arbeidet gjennom haust og vinter, og er også den arenaen ein møter alle medlemmane. Den faglege kompetansen i rådgjevarstaben er svært brei og solid. I den seinare tid er det også utvikla kompetanse innan biogass/bioenergi. I 2022 har interessa og rådgjevinga innan klima auka på. Det er utført forsøk både innan jordbruk, frukt og bær. På jordbrukssida er interessa aukande når det gjeld overgang til tre slåttar med dertil eigna frøblandingar. Innan frukt og bær er plantevernarbeidet til dels utfordrande, sidan plantevernmiddelet som går ut ikkje blir erstatta med gode nok middelet.

NLR Vest driv med markdagane og andre arrangement utandørs gjennom vekstseson. Bruk av digitale verkøy blir stadig meir aktuelt både innanfor rådgjevinga og ute blant bøndene. Teams er svært mykje brukt både til fagmøte for medlemmar og internt i organisasjonen.

ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

I NLR Vest vart det utført 33,2 årsverk i 2022. Det har vore ein auke på om lag 2,3 årsverk frå 2021. Fleire rådgjevarar nærmar seg pensjonsalder og det er rekruttert nye rådgjevarar. I ein periode har det vore overlapp av personale for å sikre kompetanseoverføring. Ved utgangen av 2022 hadde NLR Vest 36 fast tilsette og ein medarbeidar med timelønsavtale.

Ny dagleg leiar har gjennom året hatt som mål om å besøke kontora i NLR Vest og samstundes ta ein prat med alle tilsette. I starten av november vart alle medarbeidarar invitert til Voss på felles samling med styret. Målet for samlinga var arbeid med handlingsplan for 2023, og det å bli betre kjent på tvers av ein stor geografisk spreiding av kontora i vårt daglege arbeid. Gjennom året elles er dei fleste møte gjennomført via Teams.

HMS-rådgjevar Øystein Tholo har vore verneombod i område sør i NLR Vest. Det har vore arbeidd med å få valt nytt verneombod i område nord. I 2022 har det samla sjukefråværet vore 5,7 %. NLR Vest jobbar systematisk for å bidra til lågt sjukefråvær og eit godt arbeidsmiljø.

LIKESTILLING

Det er 18 kvinner og 18 menn blant dei fast tilsette per 31.12.2022. Det er fem medarbeidarar med leiaransvar. Av desse er tre menn. Både kvinner og menn ynskjer i periodar å arbeide i reduserte stillingsprosentar, anten på grunn av omsorg for små barn eller fordi dei driv eigne gardsbruk. Det er ikkje skilnad på kvinner og menn med tanke på slike permisjonar. Kvinner og menn vert løna likt etter utdanningsnivå og ansiennitet. I 2022 hadde menn 12 dagar fråvær på grunn av sjuke barn, kvinner hadde 19 med denne type fråvær.

Styret er samansett av tre menn og to kvinner vald av medlemmane. I tillegg er ei kvinne

vald som styremedlem blant og av dei tilsette. Valnemnda vart oppmoda om å ta omsyn til likestilling mellom kjønna når dei innstiller til val. NLR Vest har i styret ei fordeling mellom kjønna som samsvarar med kravet i samvirkelova om 40 % representasjon av kvart kjønn.

NLR Vest skal vere ein attraktiv arbeidsplass, og ein er oppteken av at alle skal føle seg inkludert, uavhengig av kjønn, etnisitet, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, alder med meir.

YTRE MILJØ

Styret vurderer at verksemda i dag skjer med liten risiko for ureining av det ytre miljø.

DISPONERING AV RESULTAT

NLR Vest SA har i 2022 eit underskot etter skatt på kr 2 741 999,-. Styret tilrår at underskotet vert dekkja inn frå annan eigenkapital.



Styret: Framme frå venstre Magnar Velure, Ester Helland (frå dei tilsette), Ann Mari Bjørnøy, Sigurd Reksnes (styreleiar). Bak frå venstre Elin Hauge, Fredrik Fjose (dagleg leiar) og Tore Sigurd Fitjar (nestleiar).

Resultatrekneskap for 2022

DRIFTSINNTEKTER	Note	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
Salsinntekter		kr 1 229 050	kr 1 998 362
Rådgjeving, fagmøte		kr 6 854 213	kr 6 191 871
Kurs, seminar, fagmøte, fagturar		kr 2 177 620	kr 2 062 483
Tilskot til prosjekt og oppdrag		kr 3 350 572	kr 5 592 375
Medlemskontingent		kr 7 847 760	kr 7 164 981
Rammetilskot		kr 6 284 053	kr 5 866 409
Konsulentoppdrag, feltgodtgjersle og anna		kr 5 809 524	kr 4 465 700
SUM DRIFTSINNTEKTER		kr 33 552 792	kr 33 342 181
DRIFTSKOSTNADER			
Innkjøp av varer for vidaresal		kr -991 071	kr -1 609 134
Rådgjeving, forsøk, kurs, fagmøte, prosjekt		kr -1 764 760	kr -2 241 676
Løns- og personalkostnader	1,2	kr -25 560 347	kr -22 461 108
Kontorkostnader		kr -4 315 620	kr -3 801 189
Andre driftskostnader		kr -3 656 581	kr -3 039 858
Avskrivningar	3	kr -9 500	kr -34 500
SUM DRIFTSKOSTNADER		kr -36 297 881	kr -33 187 465
Driftsresultat før finans		kr -2 745 089	kr 154 716
Anna renteinntekt		kr 19 414	kr 10 325
Anna finansinntekt		kr 9 225	kr 15 249
Sum finansinntekter		kr 28 639	kr 25 574
Annan rentekostnad		kr -10 006	kr -206
Annan finanskostnad		kr -6 811	kr -19 161
Sum finanskostnader		kr -16 817	kr -19 367
Netto finans		kr 11 823	kr 6 207
Ordinært resultat før skattekostnad		kr -2 733 266	kr 160 923
Skattekostnad på ordinært resultat		kr -8 733	kr -43 965
Årsresultat		kr -2 741 999	kr 116 958
Overføringer			
Resultat overført til annan egenkapital		kr -2 741 999	kr 116 958
Sum overføringer og disponeringar		kr -2 741 999	kr 116 958


Balanse per 31. desember 2022


Eigendelar	Note	2022	2021
Inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande	3	kr 5 000	kr 14 500
Sum varige driftsmidler		kr 5 000	kr 14 500
Aksjar og andelar			
Sum finansielle anleggsmidler		kr -	0
Sum anleggsmidler		kr 5 000	kr 14 500
Omløpsmidlar			
Varer		kr 257 584	kr 149 436
Sum varer		kr 257 594	kr 149 436
Fordringar			
Kundefordringar		kr 5 540 653	kr 6 984 325
Andre fordringar	4	kr 1 694 458	kr 1 235 000
Sum fordringar		kr 7 235 111	kr 8 219 325
Bankinnskott, kontantar		kr 2 566 852	kr 5 626 880
Sum bankinnskott, kontantar og liknande		kr 2 566 852	kr 5 626 880
Sum omløpsmidlar		kr 10 059 547	kr 13 995 641
SUM EIGENDELAR		kr 10 064 547	kr 13 995 641
Eigenkapital og gjeld			
Eigenkapital		kr 3 449 651	kr 6 191 650
Sum eigenkapital		kr 3 449 651	kr 6 191 650
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		kr 926 603	kr 909 528
Betalbar skatt		kr 8 733	kr 43 965
Skuldige off. avgifter		kr 2 413 558	kr 2 222 863
Anna kortsiktig gjeld		kr 3 266 003	kr 4 632 136
Sum kortsiktig gjeld		kr 6 614 896	kr 7 808 492
Sum gjeld		kr 6 614 896	kr 7 808 492
SUM GJELD OG EGENKAPITAL		kr 10 064 547	kr 14 000 142


NORSK LANDBRUKSRÅDGIVING VEST SA
SANDANE 01.03.2023



Sigurd Erlend Reksnes
Styrets leder



Tore Sigurd Fitjar
Nestleder


Magnar Velure
Styremedlem


Ann Mari Bjørnøy
Styremedlem


Ester Helland
Styremedlem


Elin Hauge
Styremedlem


Fredrik Skaarer Fjose
Daglig leder

Notar

NOTE 1 – TAL ÅRSVERK

Selskapet har hatt 33,2 årsverk sysselsett i rekneskapsåret.

NOTE 2 – LØNSKOSTNADER ETC.

	2022	2021
Løn	19 281 953	17 465 912
Arbeidsgjevaravgift	2 722 387	2 385 055
Pensjonskostnader	3 241 383	2 477 883
Andre relaterte ytingar/refusjonar	314 624	132 259
Sum	25 560 347	22 461 109

NOTE 3 – ANLEGGSMIDLAR

Varige driftsmidlar

Anskaffelseskost 01.01.2022	289 229
Anskaffelseskost 31.12.2022	289 229
Samla avskrivningar, nedskrivningar og reverseringar av nedskrivningar 31.12.2022	(284 229)
Balanseført verdi pr. 31.12.2022	5 000
Avskrivningar, nedskrivningar og reverseringar av nedskrivningar i rekneskapsåret	(9 500)

NOTE 4 – LÅN OG SIKKERHEIT TIL LEIANDE PERSONAR

Selskapet har ikkje gjeve lån eller sikkerheitsstilling til leiante personar, medlemar av styrande organ m.v.



Administrasjon i NLR Vest. Frå venstre Fredrik Fjose, dagleg leiar, Åse Leirgulen, nestleiar, Ester Helland, økonomirådgjevar/ administrasjon og Iver S. Eide, administrasjon.

Medlemsorganisasjon, tillitsvalde, årsmøte og utsendingar

Tillitsvalde i 2022

STYRET I NLR VEST SA HAR ETTER ÅRSMØTET I 2022 VORE:

Styreleiar:	Sigurd Reksnes, Stad
Nestleiar:	Tore Sigurd Fitjar, Fitjar
Styremedlem:	Ann Mari Bjørnøy, Ålesund
Styremedlem:	Elin Hauge, Luster
Styremedlem:	Magnar Velure, Ullensvang
Styremedlem:	Ester Helland, vald av medarbeidarane
1. vara:	Erlend Fossen, Sunnfjord
2. vara:	Hildegunn Espe, Ullensvang
3. vara:	Erling Rogne, Ålesund
Vara for medarbeidarane sin medlem: Hans Emil Dale	

VALNEMND FOR ÅRSMØTET HAR VORE:

Leiar:	Erlend Koppen, Volda	Personleg vara: Jarl Inge Haram, Ålesund
Medlem:	Bjarte Myren, Høyanger	Personleg vara: Karl Mattis H. Persson, Gloppen
Medlem:	Kari Brørvik, Vaksdal	Personleg vara: Karin Valland, Kvam

Utsendingar til årsmøtet

NLR Vest SA har ein medlemsorganisasjon med elleve krinsar. Medlemane vert kalla inn til krinsmøte som vel utsendingar til årsmøtet. I 2023 vart krinsmøta haldne digitalt på Teams i perioden 6.- 21. februar. På møta vart det orientert om drifta i 2022, viktige saker på styremøta, om økonomien og om saker som skal opp på årsmøtet. Det blei valt utsendingar til årsmøtet, etter innstilling frå valnemnda i krinsen. I tillegg var det faglege innlegg frå rådgjevarane.

Årsmøtet

Årsmøtet i NLR Vest SA vert halde på Scandic Sunnfjord Hotel, Førde 22. mars 2023 kl. 10.30

SAKER SOM SKAL OPP PÅ ÅRSMØTET ER:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, skrivar og to til å skrive under protokollen
3. Årsmelding 2022 og revidert årsrekneskap 2022
4. Medlemskontingent 2023
5. Budsjett og arbeidsplan for 2023
6. Tilslutning til samanslutningsavtale i forbindelse med etablering av Norsk Landbruksrådgiving SA
7. Oppløysing av NLR Vest SA
8. Gjennomføre val av
 - a. Leiar for eitt år
 - b. Styremedlemar for to år
 - c. Tre varamedlemar i nummerrekkefølge for eitt år
 - d. Medlem i valnemnda for tre år
 - e. Personlege varamedlemar for valnemnda for eitt år
 - f. Revisor
9. Fastsetje godtgjersle til tillitsvalde etter tilråding frå valnemnda

Medlemane kan kontakte årsmøteutsendingane om dei har spørsmål til sakene.

Valde årsmøteutsendingar NLR Vest 2023

Krinsnr.	Krinsnamn	Namn og e-post	Mobil	Poststad
1	Indre Hardanger	Sveinung Raunsgard	48 19 31 62	Kinsarvik
1	Indre Hardanger	Kari Lutro	99 45 66 62	Lofthus
2	Sunnhordland	Johannes Njøsén	95 92 42 56	Stord
2	Sunnhordland	Kjetil Mehl	98 06 41 63	Dimmelsvik
3	Ytre Midthordland	Olav Botnevik	92 46 03 07	Os
3	Ytre Midthordland	Dag Gøran Solheim	41 49 61 90	Hauglandshella
4	Hardanger Midthordland	Guro Stuve	48 04 80 02	Øystese
4	Hardanger Midthordland	Sindre S. Tveit	93 08 11 66	Tørvikbygd
5	Indre Hordaland	Ole Draugsvoll	91 17 96 64	Vossestrand
5	Indre Hordaland	Magnar Nese	97 58 83 03	Eidslandet
6	Nordhordland	Olav J. Myhr	91 17 60 11	Eikangervåg
6	Nordhordland	Leif Gunnar Bakke	97 51 01 93	Lindås
7	Ytre Sogn og Sunnfjord	Bjarte Myren	95 76 53 71	Bjordal
7	Ytre Sogn og Sunnfjord	Ørjar Eiken	48 21 79 71	Hellevik i Fjaler
8	Indre Sogn	Audun Slinde	95 72 47 55	Slinde
8	Indre Sogn	Jon O Nummedal	48 10 53 77	Vik i Sogn
8	Indre Sogn	Eivind Lidal	91 14 18 78	Vangsnes
9	Sunnfjord	Hallgeir Kalland	91 87 66 98	Naustdal
9	Sunnfjord	Erlend Fossen	99 22 65 75	Viksdalen
9	Sunnfjord	Olav Inge Fonn	90 50 25 73	Skei i Jølster
10	Nordfjord	Daniel Arnestad Dyrnes	99 59 71 97	Sandane
10	Nordfjord	Johan Berge	90 97 55 69	Oppstryn
10	Nordfjord	Jermund Nesheim	48 15 12 87	Oppstryn
10	Nordfjord	Daniel Dalsbø	97 48 73 51	Stadlandet
11	Sunnmøre	Kyrre Rogne	90 01 84 96	Longva
11	Sunnmøre	Erlend Koppen	91 64 93 83	Lauvstad



Innstilling frå valnemnda til årsmøtet

Valnemnd: Erlend Koppen, Volda (leiar)
Bjarte Myren, Høyanger
Kari Brørvik, Vaksdal

KANDIDATAR TIL VERV I STYRET:

Styreleiar 1 år : [Sigurd Reksnes](#), Stad, mjølkeprodusent, sauehald, mob. 91379271
Styremedlem 2 år: [Tore Sigurd Fitjar](#), Fitjar, mjølkeprodusent, mob. 95277201,
Styremedlem 2 år : [Ann Mari Bjørnøy](#), Ålesund, mjølkeprodusent, sau, mob. 41421145

KANDIDATAR TIL VARAMEDELEM:

1. vara til styret 1 år : Erlend Fossen, Sunnfjord, mob. 99226575
2. vara til styret 1 år : Hildegunn Espe, Ullensvang mob. 97568650
3. vara til styret 1 år : Erling Rogne, Ålesund, mob. 91756821

I STYRET SIT ELLES

Styremedlem: [Elin Hauge, Luster](#), bær og grønsakdyrkar, mob. 91361847
Styremedlem: [Magnar Velure](#), Ullensvang, fruktdyrkar, mob. 90119990

KANDIDATAR TIL VALNEMNDA:

Ny medlem 3 år: [Laila Sjursen Fløtre](#), Volda mob. 94862650

PERSONLEG VARA TIL VALNEMNDA FOR 1 ÅR:

Vara for Bjarte Myren: [Karl Mattis Haugland Persson](#), Gloppen, mob. 97024916
Vara for Kari Brørvik: [Annhild Oma](#), Kvam, mob. 99459694 (ny)
Vara for Laila S. Fløtre: [Per Steinsvik](#), Volda, mob 97573960 (ny)

REVISOR:

Valnemnda fremjer attval av revisor: Hardanger revisjon, med kontoradresse Øystese

GODTGJERSLE TIL TILLITSVALDE:

Valnemnda fremjar slikt forslag til godtgjersle:

Styreleiar: kr 42 000,- pr. år (uendra)

Nestleiar: kr 13 000,- pr. år (uendra)

Styremedlemar: kr 6 500,- pr. år (uendra)

Godtgjersle per møtedag: kr 2 500,- (endra frå kr 2 400,-)

Godtgjersle telefon-/teamsmøte 2-5 timar: kr 1250,- (ny)

Godtgjersle korte telefon-/teamsmøte under 2 timar: kr 600,- (uendra)

Valnemnda får tilsvarande møtegodtgjersle om styret (uendra)

Leiar i valnemnda får ei årleg godtgjersle på kr 3 000,- (uendra)

Velsvik 10.02.23

Erlend Koppen (leiar)

Bjarte Myren

Kari Brørvik

Saker til årsmøtet 22. mars 2023

Medlemskontingent 2023

Medlemskontingenten i NLR Vest er sammansett av grunnkontingent og arealkontingent, der arealkontingenten er rekna etter areal som medlemen søker om produksjonstilskot for.

I 2022 HADDE NLR VEST FØLGJANDE KONTINGENTSATSAR:

- Grunnkontingent kr 1 200 per år (uendra)
- Arealkontingent grovfôr kr 6,00 per dekar
- Arealkontingent frukt og bær kr 55 per dekar
- Arealkontingent grønsaker og potet kr 40 per dekar
- Minstesats for arealkontingent kr 300 (innført i 2022, maksimalkontingent, kr 2 200,- per kultur og år)

Medlemane har 1 time telefonrådgiving inkludert i arealkontingenten.

I vurdering av nivå på medlemskontingent for 2022, er det lagt til grunn at prisauke på tenester og kontingent skal kompensere for løns- og prisveksten i 2022. I framlegget til årskontingent for 2023 er det lagt inn ei justering på + 5 %.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontingentsatsar i NLR Vest for 2023

- Grunnkontingent kr 1 260 per år
- Arealkontingent grovfôr kr 6,30 per dekar
- Arealkontingent frukt og bær kr 58 per dekar
- Arealkontingent grønsaker og potet kr 42 per dekar
- Minstesats for arealkontingent kr 350, maksimalkontingent, kr 2 500 per kultur.



Budsjett 2023	Notar	Rekneskap 2022		Budsjett 2023
Salsinntekter	1 kr	1 229 050	kr	215 800
Rådgjevingstenester og egne fagmøte	2 kr	6 854 214	kr	10 174 600
Kurs, seminar, fagmøte, fagturar	2 kr	2 177 620	kr	3 098 100
Tilskot til prosjekt og oppdrag	3 kr	3 350 572	kr	3 431 198
Medlemskontingent	4 kr	7 847 760	kr	8 169 000
Rammetilskot	5 kr	6 284 053	kr	6 299 300
Konsulentttj, oppdrag, feltgodtgj, andre inntekter	kr	5 809 524	kr	3 743 890
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr	33 552 792	kr	35 131 888
Varekostnader	kr	991 071	kr	85 000
Rådgivings- og prosjektkostnader	3 kr	1 046 323	kr	665 000
Kurskostnader	kr	718 437	kr	505 419
Løns- og personalkostnader	6 kr	25 560 347	kr	27 399 664
Kontorkostnader	kr	4 315 620	kr	4 148 650
Andre driftskostnader	kr	3 656 581	kr	1 804 720
Avskrivningar	-kr	9 500		
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr	36 297 881	kr	34 608 453
Driftsresultat før finans	-kr	2 745 089	kr	523 435

Note 1

Det er lagt til grunn at både omsetning av plantar og import og sal av maskinar og reiskap skal avsluttast.

Note 2

Det er forventa høgare inntekter frå rådgiving og HMS-avtalar. Inntektsauken ligg dels i fleire HMS-avtalar og dels i auka sal og noko høgare prisar enn i 2022.

Note 3

Prosjektinntektene er forventa å ligge om lag på same nivå som i 2022, men med noko lågare kostnader.

Note 4

Det er budsjetttert med ein auke i medlemskontingent på om lag 5%

Note 5

Rammetilskotet over jordbruksavtalen er om lag uendra frå 2022.

Note 6

I tillegg til forventa lønsvest er det er budsjetttert med tilsetjing av to nye rådgjevarar (jordbruk og HMS) frå januar og forøvrig vidareføring av dagens bemanning.





Bilde av Jordbruksgruppa, Voss 2022

Fagleg aktivitet i 2022: Jordbruk

2022 var eit vanskeleg år for grovfôrdyrking. Det var korte periodar med godt ver. Aller verst var det i ytre strok. For dei som har eng som skal haustast tre gonger, og attlegg og raigras i tillegg, så blei det slått til alle tider det var mogleg å kome seg utpå. Ei par skikkeleg fine veker ut i september berga mykje avling for mange.

Rådgjevarar i Faggruppe Jordbruk

Ved utgangen av 2022 var 15 rådgjevarar knytt til Faggruppe Jordbruk. 14 tilsette i NLR Vest og ein som er innleigd til spesielle arbeidsoppgåver, Trygve Torsteinsen. Håvard Byberg slutta i løpet av året. Liv Lyngstad gjekk frå stillinga som dagleg leiar til rådgjevarstilling. Mari Aker gjekk på slutten av året over til Faggruppe HMS/Økonomi/Bygg/Maskin, og skal arbeide meir med økonomi framover. Sigmund Larsen er framleis tilsett i NLR Vest, men er bortleigd til Bremanger og Kinn kommunar. Dag-Arne Eide er fagleiar i Jordbruksgruppa.

Alle rådgjevarane jobbar meir eller mindre med jordprøver og gjødslingsplanar. Det har krystallisert seg ut nokre rådgjevarar som er spyspissar innan spesielle

fagfelt som t.d. sau, klimaarbeid, autorisasjonskurs, funksjonstesting av åkersprøyter, grovfôrqualität, forsøksarbeid, prosjektarbeid m.m.

Rådgjeving til medlemmar

JORDPRØVER OG GJØDSLINGSPLANAR

NLR Vest lagar i hovudsak ny gjødslingsplan til alle medlemmar kvart 4. år. Gjødslingsplanen er eittårig, noko som medfører at medlemmane må oppdatere planen sin med eventuelle endringar i åra mellom kvar gong NLR lagar ny plan. Ved endringar i drifta eller i arealet, må planen fornyast uavhengig av alder på planen. NLR Vest tilbyr også årleg oppdatering av gjødslingsplanen.

Rådgjevarane i Jordbruksgruppa har teke ca. 2750 jordprøver hjå vel 450 bønder i 2022. Det er laga og fakturert ut 910 gjødslingsplanar. Arbeidet med ein gjødslingsplan kan variere mykje, men i gjennomsnitt er det brukt så vidt over to timar pr. plan. Det er om lag som tidlegare. NLR Vest brukar programmet Skifteplan til gjødslingsplanlegging, der digitale kart kan brukast i Klimakalkulatoren.

I tillegg til det som er utført i Jordbruksgruppa er det teke ein del jordprøver og laga nokre gjødslingsplanar til jordbruksmedlemar av rådgjevarar frå dei andre faggruppene.

Inkludert i tala ovanfor ligg det også nokre oppdrag for bønder som ikkje er medlemar. Arbeid for desse blei sjølvsgatt fakturert til full pris.



Uttak av grasprøve før slått. Her frå Oldedalen, Stryn kommune.

GRASPRØVER FØR SLÅTTEN

NLR Vest har i mange år teke grasprøver på utvalde stader før slått. Føremålet har vore å lage prognosar for slåttetidspunktet ut frå innhald i gras, utviklingsstadium ved prøveuttak, temperatur og verutsikter framover. (Grovfôrmodellen).

Det er langt mellom verstasjonane, noko som gjer at prognosane ikkje vil treffe alle stader. Dessutan er postgangen ikkje rask nok til at ein klarar å få igjen analyseresultata tidsnok til å få laga og publisert haustetidsprognosane i tide. Ofte blir ein «innhenta» av vertilhøva som bestemmer slåttetidspunktet.

I 2022 blei det teke 23 grasprøver før slått spreidd over heile området til NLR Vest. Analyseresultata blei publisert i rådgjevingsmeldingar og på nettsida, men ikkje brukte til utarbeiding av prognosar.

FØRPRØVER OG NLR SURFÔRTOLKEN

Har du teke surfôrprøve og fått utarbeidd NLR Surfôrtolken frå ein av rådgjevarane i NLR Vest? Ikkje det? Tilbodet står alltid ved lag. Her set ein inn dei viktigaste analyseresultata i eit programmert rekneark og får



Uttak av fôrprøve i Jølster, Sunnfjord kommune.

opp ei vurdering i høve til optimale verdiar. Nedst på sida får du ei samla vurdering med tips og råd om forbetringspotensiale framfor neste vekstsesong. Her er det mange parametarar å kommentere, til dømes for- tæringsgrad, slåttetidspunkt, ensileringsprosessen, gjødslingstidspunkt, gjødslingsmengde og om vald mineralgjødseltype har passa i lag med husdyrgjødsel. Det er teke ut 236 surfôrprøvar av NLR Vest-rådgjevarar sist vekstsesong. Alle som har teke ut prøver har fått tilbod om NLR Surfôrtolken. Ved hjelp av NLR Surfôrtolken vil du som bonde få eit nærare forhold til tala. Då blir det lettare for deg å sjå kva du eventuelt må gjere annleis til neste år.

ARRANGEMENT

Det blei avvikla vel 40 markdagar i løpet av året. 30 av desse inngjekk i eit prosjekt delvis finansiert av Vestland fylkeskommune. Det blei lagt vekt på ugraskamp og jordhelse. Det er registrert nær 450 frammøtte bønder på desse markdagane.

Vårønmøta blei i all hovudsak avvikla digitalt ved hjelp av Teams. På denne måten når ein alle i heile området som ynskjer å vere med. På fire møte møtte 220 deltakarar. I tillegg blei det avvikla nokre få fysiske vårønmøte i samarbeid med andre.

I tillegg til gratis vårønmøte på Teams, arrangerte Jordbruksgruppa fem andre digitale fagmøte med deltakaravgift. Her var det 360 deltakarar.



Frå markdag i Vetlefjorden, Sogndal kommune 02.06.22. Arealet var direktesådd i eldre eng. Her blir det leita etter nye spirer. Det er også behov for kamp mot høymole.

SKRIFTLIG RÅDGJEVING

Det er sendt ut 22 rådgjevingsmeldingar på e-post. Dette er ein vesentleg auke frå året før. Meldingane går til alle medlemar som har grovfôrareal. Dei inneheld aktuelt fagstoff og kunngjeringar angående ulike kurs og andre arrangement. Meldingane har også med stoff innan HMS. I rådgjevingsmeldingane blir det synt til fagartiklar og nyhende som ligg på nettsida til NLR Vest: vest.nlr.no. Rådgjevingsmeldingane er eit viktig kontaktpunkt mellom rådgjevarane og medlemane. Bøndene får mykje tilsendt frå alle andre i landbruksnæringa, så det er ikkje så enkelt å nå fram med informasjonen. Det er ynskjeleg at endå fleire opnar og les desse meldingane.

Prosjekt

KLIMARÅDGJEVING

2022 var året der ein verkeleg kom i gang med klimarådgeving på Vestlandet. Det vart gjennomført grupperådgeving i samarbeid med Tine, bondelaget og KlimaVest. På desse møta gjekk ein gjennom Klimakalkulatoren, med innlogging, eigenregistreringar og diskusjon. Det vart gjennomgang av ulike klimatiltak både innfor og utfor fjøsdøra. På slutten av grupperådgevinga vart det laga ein klimahandlingsplan med aktuelle klimatiltak på gardsbruket. Det var god deltaking på dei fleste møta, med størst deltaking på Voss. Her møtte det 30 bønder.

Det vart også gjennomført ein del klimaråd; to-til-ein og ein-til-ein. Dette er rådgevingsbesøk der bonden kan tinge både NLR og (evt.) Tine til ein gjennomgang av Klimakalkulatoren og ulike klimatiltak. Dette ender opp i ein klimahandlingsplan. Her var det deltakarar frå Sunnmøre til Sunnhordland. Klimarådgeving inngår som eige søknadspunkt i RMP. Her kan ein søkje om å få dekt all kostnad ein har i klimarådgevinga. Dette kjem også til å vere mogleg å søkje om i 2023.



Bønder samla på klimakurs i Førde.

BESTE KLIMAPRAKSIS SAU

Det har vore god diskusjon og erfaringsutveksling i sju ulike grupper gjennom dette prosjektet. Gruppene var lokalisert i: Nordfjord/Sunnmøre, Indre Sogn, Indre Hordaland og Indre og Ytre Hardanger. Den «grøne ulltråden» gjennom heile perioden, har vore eit ønske om å gå frå «føredragsrådgeving», til ei form for rådgeving der bøndene deler kunnskap og erfaring med kvarandre, og på den måten gjer kvarandre gode. Fokuset på klimarbeid og reduksjon av klimagassutslepp har vore gjennomgåande og enkel: Det som tener klimaet, tener også botnlinja og totaløkonomien til bonden. God fagleg og agronomisk drift er også godt for klimaet.

Gruppene har variert i storleik, det har vore mellom fem og tolv bruk representert i kvar gruppe. Aldersspreiinga har vore god, og ein har erfart at også unge og lite erfarne sauebønder har noko å lære bønder som



Prosjektgruppedeltakar Per Bjørkum syner kva rutinar han har for å få levert all rundballeplast til gjenvinning. Dette er eit godt klima- og miljøtiltak!

har drive med sau i heile si yrkeskarriere. Fagtema for samlingane har vore bestemt av kva som er aktuelt i sauendrifta på gitt tidspunkt. Det vart halde fem fysiske gruppemøte for deltakarane i prosjektet. Samstundes vart det arrangert eit teamsmøte i forkant av dei fysiske møta. Der var det føredrag om dei fagtema som var naturleg å diskutere i gruppene. Døme på tema var: Avl og haustfôring, helse og velferd, midtvintersfôring og fôring fram mot lamming og førebuing til lamming. Det var god oppslutnad om møta, over 200 deltakande på fleire av møta. Teamsmøta var opne for alle. I tillegg hadde nokre av gruppene kontakt mellom samlingane gjennom messengergrupper, slik at dei kunne stille spørsmål og dele erfaringar også utanom samlingane.

BIOGASS

Det er mange initiativ og planar om biogass omkring på Vestlandet; både grende- eller gardsanlegg og større industrianlegg som skal ta hand om andre avfallsressursar i tillegg. NLR Vest har hjulpet fleire gardsbruk med ei avklaring omkring potensialet på garden. Ein ser på produksjonen på garden og på bygningsmassen. Det blir estimert eit energipotensial ut i frå garden sine ressursar. Biogass er ei stor investering, og Innovasjon Norge kan gje stønad til forprosjekt. NLR Vest har hjulpet til i prosessen med å søkje forprosjekt hjå Innovasjon Norge for fleire gardsbruk. Ein del fekk tilslag og starta opp arbeidet med forprosjektet i slutten av 2022.

Erfaringa så langt er at det er ulike problemstillingar i alle prosjekta; alt frå gjødsellogistikk, lagerløysingar, bruk av energi, leveranse av energi, fosforbalansar osv. Arbeidet med forprosjekt skal gje bonden eit kunnskapsgrunnlag for ei investering, og er eit arbeid som går over fleire månader.



Markdag i beite 30.05.22. Høgt og fritt med utsyn mot Loftesnesbrua i Sogndal. Markdagen var ein aktivitet i prosjektet Beste klimapraksis sau.

NLR Vest har ein del oppdrag, spesielt om biogjødsel, frå dei større industrianlegga. Utanfor området til NLR Vest er det halde innlegg for Avfallsforum Rogaland og Biogassnettverket i Rogaland også i 2022. Det har vore oppdrag om fosfor, husdyrgjødsel, biogass og biogjødsel frå kommunar og vassområde.

BIOENERGI

Energiprisane i 2022 har gjort spørsmålet om produksjon av energi på eigen gard endå meir aktuelt. Det kjem inn spørsmål innan alle former for bioenergi, og det blir samarbeidd med to NLR-rådgjevarar på Austlandet som har stor kompetanse på biovarme og solenergi.

KARBONFANGST OG ANDRE KLIMAVENLEGE TILTAK FOR VESTLANDSJORDBRUKET

Prosjektet starta i 2019 og vil vare til og med 2023. Voss herad eig prosjektet medan NLR Vest har prosjektleiinga. Hovudmålet i prosjektet er å finne praktiske metodar for grovfôrdyrking på Vestlandet som aukar karbonlagring i jorda, og reduserer klimagassutslepp frå produksjonen. Det er også fokus på mikrobiell aktivitet i jorda, det vil seie jordhelse og jordstruktur. I 2020 vart det lagt ut seks feltforsøk i eng der mellom anna kompost og biogjødsel (biorest) vart prøvd. To av felta vart også hausta i 2022. I prosjektet har ein fokus på mellom anna å ta vare på gardsavfall på ein god måte ved å kompostere det saman med lauvtreffis og litt husdyrgjødsel. Dette er god mat for mikroorganismar i jorda. Analysane viser at tilføring av organisk stoff som husdyrgjødsel og kompost

aukar aktiviteten til jordlivet. Fleire praktiskarar har sådd frøblandingar som inneheld artar med ulike rotsystem, både gras- og belgvekstartar. Biologisk mangfald i enga kan gje auka avling og karbonbinding.

I 2022 er det elleve bruk som har sådd belgvekstar i etablert eng. Dette som eit direktetiltak for å auke avlinga, betre lagringa av karbon og jordlivaktivitet, og dermed oppnå ein positiv effekt på klimaet. Elles er det gjennomført markdagar og webinar med fokus på tiltak som aukar karbonlagringa og styrkjer jordhelsa. Prosjektet har eiga facebookside (Karbonfangst i Vossajordbruket | Facebook)

REGENERATIVT LANDBRUK: PROSJEKT «MÅLRETTE BEITING FOR BETRE JORD- OG ØKOSYSTEMHELSE»

Prosjektet er eit samarbeid mellom Regenerativt Norge (RN) og fem regionar i Norsk Landbruksrådgiving (NLR). Norsk Landbruksrådgiving Østafjells (NLRØ) er prosjekteigar og leiar. Fem gardar i ulike klimasoner og økoregionar er til no med i prosjektet (ein gard i Stryn kommune).

Målet med prosjektet er å rettleie bønder i retning av regenerativ drift på sine gardar. Det er brukt planleggingsverktøyet Holistic Management (Heilskapleg forvaltning), og testa systemet for overvaking av økosystemprosessar Ecological Outcome Verification (EOV) i samarbeid med NIBIO og NORSØK. Det er undersøkt kor brukarvenleg verktøyet er for bonden, og om parametrene er gode mål for regenerering av jordhelse og økosystemfunksjonar i Noreg.



Forsøk med restprodukt frå fiskeoljeindustrien som gjødsel, "Urea Gjenbruk", har føregått på Godøya i Giske kommune på Sunnmøre. Resultata er lovande.

Resultata og erfaringane frå prosjektet blir etter kvart gjort tilgjengeleg, og skal kome bønder, rådgjevarar, forskning og forvaltning til gode. Prosjektet held fram i 2023.

Forsøk 2022

NITROGEN-STIGE I PRAKTISK OPPLEGG MED HUSDYRGJØDSEL, 2020-2022

Prosjekteigar er NIBIO. Feltforsøka vart avslutta i 2022. Feltvert var Straumsnes Mjølke og Kjøtt i Fjaler. I dette prosjektet er målet å kartlegge effekten av stigande mengder mineralgjødsel attåt stripespreidd gylle om våren og etter førsteslått. Svakaste gjødsling er 5 + 4 tonn gylle, medan sterkaste gjødsling er 5 + 4 tonn gylle + 23 kg nitrogen og 5,8 kg svovel pr. daa (samla 96 kg Sulfan 24-0-0-6 (S)/daa til 3 haustingar). Samla nitrogenmengde i husdyrgjødsel og mineralgjødsel har vore godt over 30 kg pr. daa og år. Samla presentasjon av resultat kjem i eigne fagartiklar i løpet av 2023.

FOSFORGJØDSEL PÅ ENG MED P-AL OVER 14, 2021-2022

Prosjekteigar er NIBIO. Eitt av forsøksfelta ligg hos Ørjar Eiken, Hellevik i Fjaler. Målet er å få meir kunnskap om

kva som skjer om ein utelet tilførsel av fosfor på svært fosforrik jord. Resultat vert kunngjort i eigne fagartiklar.

VERKNAD AV SKJØTSELSTILTAK PÅ FØREKOMST AV KYSTBLÅSTJERNE I GRASMARK

Synnaland, ved Brattvåg, har ein av dei den nordlegaste førekomstane av kystblåstjerne i Noreg. Denne er truga av attgroing. Sidan 2008 har NLR hatt ansvaret for skjøtsel og registrering av førekomsten. Registreringane på fem utvalde flater, syner at to gonger slått per sesong, eller beiting med sau eller hest, har ført til aukande førekomst. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar tiltaket.

LAUVTRE OG BUSKAR TIL LE I VERHARDE KYSTSTROK

Lebelte i verharde område kan gi betre vekst for kulturplantar. Ein kan også oppnå betre trivsel for beitedyr - og for menneske! Mange stader på Vestlandet vart det planta mykje sitkagran, furu og lerk på 1960-talet. Etter kvart, på 1990-talet, vart det auka interesse for å prøve ut lauvtre og buskar, som alternativ. I 1995 vart det lagt ut eit forsøksfelt på Vigra. Prosjekteigar var NIBIO på Fureneset. Feltet har 16 artar i doble rekker. Sidan starten har ein registrert vekst og trivsel hos dei ulike artane. Ideen om å nytte lauvfellande artar i lebelte i jordbruks-

landskapet kom frå Danmark. I Noreg var det på Jæren ein var først ute med slike lebelte.

LEPLANTING MED LAUVTRE OG BUSKAR I BEITE

Dette feltet vart lagt ut i 1998, på Longva og Rogne i Haram. Vert er Midtremma Samdrift. Skjøtsel og stell er gjort på same måte som i feltet på Vigra. Feltet inneheld delvis andre artar tre og buskar, enn feltet på Vigra.

VRAKA SAUEULL SOM GJØDSEL I ÅKER OG ENG?

Prosjekteigar er NORSØK. Vert er Egil Kvalsund, 2021-22. Kvart år blir store mengder saueull kasta, nedgrave eller brent, på grunn av dårleg kvalitet. Saueull er proteinfiber, og er rik på nitrogen, om lag 12 % nitrogen. Er frigivinga rask nok til at ull kan nyttast som gjødsel, i kombinasjon med andre gjødselslag, rike på fosfor (P) og kalium (K)? Saueulla som vert nytta i forsøket er finkutta og pelletert. Forsøk og røynsler syner at ullpellets verkar «seint men godt». Nedbrytinga og frigivinga av nitrogen går seinast når ullpelletsen blir spreidd på jordoverflata i kjøleg og tørt ver om våren. Nedmolding i åker gir raske nedbryting.

UREA BIPRODUKT FRÅ FISKEOLJEINDUSTRIEN SOM GJØDSEL

Prosjekteigar er Pelagia og Hogstein Agro. Urea er ein type nitrogengjødsel som blir mykje nytta i jordbruket i mange land. Urea blir også nytta ved produksjon av fiskeoljar til humant konsum. I denne prosessen får ein eit tørt biprodukt, «UREA Gjenbruk». Innhaldet er i hovudsak urea, 70 %, pluss små restar av fiskeoljar og etanol. Kan dette produktet nyttast som rimeleg gjødsel i eng? Forsøk er gjennomført på Godøya i 2020-2022. Resultata syner at produktet kan ha god verdi som nitrogengjødsel. Ved spreiring på overflata av eng, i tørt, varmt ver med vind, kan ein del av nitrogenet bli omlaga til ammoniakk, og kan gå tapt til luft. Dette kan ein unngå ved innblanding av små mengder «ureasehemmar». Dette hemmar bakteriar i jorda frå å bryte ned urea, og minskar risikoen for tap som ammoniakk.

Ein tilrår blanding av Urea G i blautgjødsla «få dagar» før spreiring. Når ein byter ut anna mineralgjødsel med «Urea Gjenbruk», må det også tilsettast ekstra svovel (S), kanskje også litt kalium (K). Fleire gardbrukarar på Vestlandet har røynsle frå praktisk bruk av «Urea Gjenbruk» dei siste 2-3 åra. Ein tilrår nye brukarar å søkje råd frå ein røynd «gjødslingsplanleggar». Produktet er no tilgjengeleg på marknaden.

KAN VI AUKE INNHALDET AV KARBON I DYRKJORDA PÅ VESTLANDET?

Seks felt vart lagt ut i eksisterande eng i Voss i 2020. Felta blei hausta i to år. To av felta vart vidareført i 2022. Ulike jordforbetrings-/gjødselprodukt er testa. Måling av biologisk aktivitet ved hjelp av mikroskopiering viser ulik verknad på jordlivet. Tilføring av organiske produkt (til dømes kompost og husdyrgjødsel) gjev auka jordlivaktivitet. I 2022 har fleire bruk direkte sådd raud- og kvitklø-



Rådgjevar Gunnlaug Røthe under forsøkshausting på Een, Voss herad.

ver i etablert eng, også luserne er prøvd. Voss herad er prosjekteigar. NLR Vest har prosjektleiinga.

NYE ARTAR OG SORTAR AV ENGVEKSTAR

I 2017 vart første forsøket i denne serien lagt ut på Vigra. NIBIO Fureneset er prosjekteigar. I 2022 var eitt forsøk igjen, nemleg i Omvikdalen i Kvinnherad. Dette blei sådd i 2018. Feltet er hausta tre gonger i engåra. Feltet har med tradisjonelle grasartar som t.d. timotei og engsvingel, men interessa er mest knytt til strandsvingel i denne forsøksserien. Andre forsøksfelt i Noreg tyder også på at strandsvingel er aktuell art langs kysten. I område med lang, kald vinter, er han rekna for å vere for svak. Strandsvingel spirer og veks noko seint etter såing. NLR Vest kjem til å prøve ut strandsvingel i



Frå nydyrkinga ved vindmøllene på Fitjar.

praktisk dyrking ute hjå medlemar, kanskje også i område der overvintringstilhøva kan vere litt tøffe. 2022 var siste forsøksåret. Resultata blir publisert av NIBIO.

Oppdrag for andre

Trygve Torsteinsen er ikkje tilsett i NLR Vest, men jobbar med spesielle fagfelt etter behov, fagfelt som andre rådgjevarar manglar kompetanse på, eller manglar erfaring med. 2022 var eit innhaldsrikt og variert arbeidsår. Det er jobba desidert mest med saker som dreiar seg om bruk av overskotsmassar til jordbruksføremål, anten det er planlegging av enkeltprosjekt eller det er kurs og fagmøte. Han har og vore mykje brukt som landbruksfagleg konsulent i t.d. reguleringsplanarbeid eller erstatningssaker.

Medlemene har også brukt Trygve i samband med klagesaker, anten det dreiar seg om kommunale vedtak eller det er private tvistar. I stor grad har medlemene vunne fram med sine klager. Han har og vore sakkyndig vitne i to rettssaker.

I løpet av 2022 blei handboka «Jordmasser - fra problem til ressurs» revidert, fornya og trykt opp i nytt opplag. Det er halde eitt fagmøte og tre kurs om emnet; i Rosendal, i Fjaler og i Ålesund. Totalt 43 deltakarar. Det var ei fin blanding av bønder, entreprenørar og kommunale saksbehandlarar som deltok på kursa.

Trygve er med i hydroteknikkutvalet i NLR Sentralt. I sommar blei det arrangert ei tre-dagars fagsamling for NLR-rådgjevarar i Trøndelag. Det er laga sju grøfteplanar, ein podkast om grøfting og fire planar for nydyrking. Nydyrkinga av inntil 380 dekar mellom vindmøllene på Fitjar starta opp i 2022. Ca. 90 dekar vil vere klart til såing våren 2023.

Det er jobba med 23 jordtippar/planeringsfelt. Det blei laga komplett plan og søknad på 12 av desse. Det er kome med tre innspel til kommuneplanar og åtte landbruksfaglege innspel til reguleringsplanar. Det er også jobba med planlegging av gardsvegar/skogsvegar, samt kartlegging og verdivurdering av matjord m.m.

Det blir erfart at Norsk Landbruksrådgiving er ein aktør som blir lagt merke til hos langt fleire enn berre eigne medlemar og andre landbruksaktørar. Det er opparbeidd ei «kjøtvekt» som dei gamle forsøksringane neppe ville klart å oppnå. Denne faglege tyngda kan brukast til å tale landbruket og jordvernet si sak både opp mot offentlege styresmakter, og ikkje minst overfor utbyggjarar, eigedomsutviklarar og konsulentselskap. Dette er dessutan ein betalingsvillig marknad som kan gje god inntening for NLR Vest.

SKJØTSEL AV KULTURLANDSKAP

På oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland har NLR Vest vore rådgjevar i samband med søknader og rapportar om tilskot til skjøtsel av truga naturtypar i Vestland. Dessutan er NLR Vest representert i skjøtselsgruppa i fylket og har vidare vore med og diskutert faglege problemstillingar i samband med skjøtsel.

KSL

Rådgjevar Ove Sørestrand utfører KSL-revisjonar for Matmerk. I 2022 blei det gjennomført 50 stk.

Andre aktiviteter

MASKINFØRARKURS

På seinvinteren 2022 vart det arrangert ein serie med maskinførarkurs i regi av NLR Vest. Kristiansand Trukopplæring vart hyra inn til å halde den faglege undervisninga, og totalt var det 40 stk. som deltok på kurset. Kurset gjekk over to helgar, der første helga var teoriundervisning på Microsoft Teams. Andre helga gjekk med til praksis og oppkøyring. Dette vart gjennomført på tre ulike stadar på Vestlandet: Ytre Sunnmøre, Sunnfjord og i Nordhordland.



Maskinførarkurs, Fosnavåg

INTERN OPPLÆRING

Det er ingen snarveg til å bli ein god og allsidig rådgjevar. Det er mange ulike fagfelt der alle skal ha ein viss grunnkompetanse, samt meir spissa fagfelt som nokre færre skal vere spydspissar i. Nye rådgjevarar blir tilbydd NLR Sentralt sin rådgjevarskule som går over fleire samlingar. I tillegg blir det intern opplæring ved hjelp av erfarne rådgjevarar. NLR Sentralt tilbyr også ei ordning med kollegarettleing. Denne ordninga blei brukt i NLR Vest også i 2022. Det var både ein til ein-rådgjeving og rådgjeving i grupper av ferske rådgjevarar.



Kollegarettleing Ulvik.

POTET OG GRØNSAKER

I 2022 har medlemar med grønsak- og/eller potetdyrking fått fagmeldingar tilsendt frå NLR Agder. NLR Vest sine eigne rådgjevarar har svart på faglege spørsmål og

delteke på markdag. Det er gjennomført Økologisk førsteråd for dei som vurderer økologisk dyrking av grønnsaker og potet.

Det er arrangert eit webinar for småskala grønnsakproduksjon. Prinsipp for gjødsling i økologisk planteproduksjon var hovudtema med innlegg av Hans Gaffke, NLR Øst. Elles var det rom for spørsmål og utveksling av erfaringar.

Siste året er det laga dyrkingsretteleiar for dyrking av Vossakvann med bakgrunn i erfaringar frå tidlegare dyrking kombinert med kunnskap frå forsøksfelt. Det er halde innlegg om Vossakvann på møte på Voss for medlemmer i Bergen sopp- og nyttevekstforening. Det er tidlegare hausta litt frø på forsøksfelta med kvann, og det er formidla små mengder kvannfrø (Markhusteiglinja) til nokre som ønskjer å dyrke Vossakvann.



Kollegarettleing på Søgnesand, Jølster, Sunnfjord kommune. Tema var gras- og ugraskjennskap. Ove Sørestrand, Lise Elvagjeng og Katrine Østraat ved Jølstravatnet ei idyllisk morgonstund 31.08.22.

Erik Halvorsen i Hålandsdalen demonstrerer småreiskap til bruk mot ugrasa i grønnsakkulturar.



Fagleg aktivitet i 2022: Fukt og bær

Rådgjevarar i Faggruppe Fukt og bær

Det har vore stor utskifting i frukt- og bærgruppa dette året. Marianne og Jens vart takka av på vinteren, og Rune gjekk av med pensjon i november. Synneve Øien Frøyen tok over Rune sin jobb som rådgjevar i frukt og bær og Tonje Fjågesund kom inn som fast fruktrådgjevar i Sogn. Også i Hardanger vart det rekruttering, der Ingvill Hauso starta som frukt- og bærrådgjevar i mai. Ved slutten av 2022 var det åtte rådgjevarar i gruppa.

Rådgjeving til medlemmar

Gjennom året vart det i gruppa laga 120 gjødslingsplanar, 34 planteplanar og det vart gjennomført 81 jordprøvebesøk. Det er også gjennomført ei rekkje gardsbesøk og markdagar, i tillegg til telefonrådgjevinga, som også er viktig. På gardsbesøka får ein hjelp til ulike problem i frukt- og bærfelt. Den individuelle rådgjevinga til NLR har ei stor bredde. Den varierer frå konkrete spørsmål om skadegjerarar og gjødsling i vekstsesongen, til meir langsiktig planlegging for gardsbruket utanom sesongen.

Gardsbesøk kan ein bestille enkeltvis, eller som del av ei rådgjevingspakke (NLRpluss). Ei rådgjevingspakke omfattar både planlegging utanom vekstsesongen, og gardsbesøk etter avtale. Dei varierer i omfang, frå to besøk i året, til besøk kvar veke i nokre intensive produksjonar. Det er ønskjeleg å bruke meir tid på slike avtaler framover.

RÅDGJEVING FOR ØKOLOGISK DYRKING

Det er ein del interesse for økologisk fruktdyrking, særskilt mellom nye produsentar. Det er mindre interesse innanfor bærproduksjon, men småskala produsentar ønskjer gjerne å produsere økologisk. Nye produsentar får tilbod om gratis NLR Økologisk Førsteråd (ØFR). I frukt- og bærgruppa vart det i 2022 gjennomført tre besøk med ØFR. For dei som allereie har kome i gang med økologisk drift, er det tilbod om eigne rådgjevingsavtalar. Grunna økonomisk støtte frå sentrale økomidlar har desse låg eigenbetaling. Dette året var det fire gardsbruk som nytta seg av økologiske rådgjevingsavtalar. Gjennom desse ordningane er det mogleg for fleire å få rådgjeving til halv pris.

Det vert òg sendt ut eigne økologiske rådgjevingsmel-

dingar i frukt og bær. Gjennom året 2022 vart det sendt ut 15 av desse. Dei når ut til medlemmar over heile landet som driv med økologisk frukt og/eller bær.



Fin avling i eit jordbærfelt med table top.

SKRIFTLEG OG DIGITAL RÅDGJEVING

Det er sendt ut 32 fruktmeldingar og 15 bærmeldingar på e-post til medlemmar i året som gjekk. Rådgjevingsmeldingane er eit samarbeidsprosjekt i gruppa, og alle rådgjevarane har delteke med både aktuelt fagstoff og bilete.

Frukt- og bærrådgjevarar over heile landet har hatt ansvar for utarbeiding av den årlege Plantevernplanen for frukt og bær. Planen blir sendt ut i trykt form til alle medlemmar i mars månad, og er også tilgjengeleg i ein nettversjon: nlrplantevern.no. Drifta av den digitale Plantevernplanen er det NLR Vest som har ansvar for, i samarbeid med Harald Hærum som har laga program og nettløysing. Det er brukt ein del tid på oppdatering og vidareutvikling av den digitale plantevernplanen. Bruken av denne nettversjonen aukar kvart år.

Det er skrive fagartiklar til tidsskrifta Norsk frukt og bær og Fagbladet Økologisk landbruk. Vestlandsbonden, NLR Vest sitt eige medlemsblad, blir òg brukt til publisering av fagstoff. Sjå under "Felles for faggruppene". Artiklane kan ein òg finne ute på nettsida: vest.nlr.no. I samarbeid med dei andre NLR-einingane blir det gitt ut ei felles forsøksmelding med alle bærforsøka som er gjennomførte.



Samling på Njøs med demonstrasjon og prøving av plommevispen.

Arrangement

MARKDAGAR OG SKJERESAMLINGAR

Gjennom året vart det arrangert totalt 25 markdagar, inkludert skjeresamlingar. Jop Westplate frå NLR Østafjells vart innleigd til skjeresamlingar i Nordfjord og Sogn, og Aad Wisse, fruktrådgjevar frå Nederland, hadde fleire skjeresamlingar i kjernefrukt i Sogn og Hardanger. I tillegg til skjeresamlingar har det vore fleire markdagar i både frukt og bær, med forskjellige tema innanfor dyrkingspraksis, skadegjerarar og plantevern.

NETTMØTE

Dei årlege Plantevernsmøta vart arrangert som nettmøte, med to møte med ulike tidspunkt for kvar kultur, eitt på dagtid og eitt på kveldstid. Til saman ti møte. I tillegg til plantevernsmøta var det også to eigne fagmøte om gjødsling til frukt og skurv, med god deltaking på begge møta. Det vart òg infomøte om utanlandsk arbeidskraft

saman med Skatteetaten, Arbeidstilsynet og Politiet. Her møtte 80 deltakarar.

STUDIETUR FOR FRUKTDYRKARAR

I juni var 14 fruktdyrkarar frå Vestland og Rogaland samla til ein full dag med program i Hardanger. Fokuset var på eple og dei tilreisande fekk besøke frukthagar på begge sider av Sjøfjorden, ein sidergard og presseriet på Aga. Lunsjen på NLR og NIBIO sine kontor i Lofthus vart supplert med eit føredrag om skade- og nytteinsekt av Bjørn Arild Hatteland, forskar ved NIBIO. Dagen vart avslutta med middag på Utne Hotell. Studieturen var støtta av Vestland fylkeskommune.

Forsøk og prosjekt

Det vart i 2022 utført fleire forsøk innan plantevern, i tillegg til registrering av ulike skadeinsekt i feller og andre typar registreringar. Gjennom året skal ei rekkje faste oppgåver og forsøk utførast og følgast opp ute i felt. Av



Aad Wisse frå Nederland var på besøk i februar og juni. Her frå samlinga i Hardanger.

dei faste oppgåvene er det mellom anna overvaking av skadegjerarar og tilsyn av klimastasjonar.

Under følgjer ein kort omtale av nokre av dei forsøka som er jobba med i året som gjekk:

OVERVAKING AV SKADEGJERARAR

Gjennom 2022 har fleire prosjekt med overvaking av insekt med feller vorte gjennomført. I tillegg til årleg overvaking av fare for rognebærmøllangrep, har det vore feleregistrering av plommeviklar, epleviklar, plommeveps, kirsebærfluge, kirsebærmøll og barkgallmygg.

INTERREG/ØKS – VIKLARFORSØK

I samarbeid med NIBIO er det gjennomført eit sprøyteforsøk mot viklarar i eple. Det vart hengt opp feromonfelle mot fem ulike artar i feltet, og sprøyt med Mospilan, Movento, Turex og NeemAzal. Før og ei veke etter sprøyting vart det registrert knoppar/bladrosettar med larver, og etter bløming tok ein også bankeprøvar i grensetre. Skade på frukta vart kontrollert ved hausting. Di-

verre var det ikkje signifikant effekt av nokon av midla i forsøket.

ROGNEBÆRMØLL

Etter eit år med lite angrep i 2021, vart det i 2022 eit kraftig angrep av rognebærmøll i eple. Dette gjorde stor skade i mange av eplehagane rundt om i fylket, med store variasjonar i skadeomfang. Det vart sprøyt med plantevernmiddel på dispensasjon (Coragen), men dette viste seg fleire stader ikkje å vere tilstrekkeleg dette året.

Det vart framhald av eit toårig prosjekt (starta i 2021) som skulle sjå på nye tiltak for å gjere varslingsmodellen for rognebærmøll sikrere. Det vart då undersøkt om teljing av knopp på rognetre om våren, i tillegg til blom, kan betre varslingsystemet. Resultata frå dette viser at teljing av blomeknopp ikkje er ein betre metode for å gjere varslingsmodellen sikrere. Teljing av blom og bær i rogn vert gjort årleg som ein del av overvaksingsarbeidet og varslingsystemet for rognebærmøll i samarbeid med NIBIO.



Skade av rognébærmøll på eit Discovery-eple.



Feltarbeid i all slags vêr er ein del av oppgåvene gjennom vekstsesongen, her er frukt- og bærrådgjevar Ingvill i eit forsøksfelt i Hardanger.



I forsøket med Glen Ample måler ein forma på både bær og bærtapp.

SAMANLIKNING AV TO 'GLEN AMPLE'-KLONAR

Etter tilbakemeldingar frå medlemar om at bringebær-sorten 'Glen Ample' var betre før, vart det i 2020 planta eit felt som skal følgast opp med registreringar over fleire år. I feltet står begge klonane av Glen Ample som er til sals i dag. Dei skal samanliknast for å sjå om det er skilnad i avling, bærkvalitet og vekst. Så langt er det gjort registreringar på vekst i planteåret, avling, bærstorleik og bærform. Dei førebelse resultatata vert publisert i løpet av våren 2023. Forsøket er finansiert av Grønstsatsingsmidlar frå NLR.



Raudfottege aukar i omfang. Den er vanskeleg å halde under kontroll, og fekk mykje fokus i året som gjekk.

ROBUSTRUBUS

RobustRubus er eit 4-årig prosjekt med oppstart i 2022. Det er eit samarbeid med fleire aktørar og organisasjonar både i Noreg og i Skottland, leia av NIBIO. Målet med prosjektet er å finne ein optimalisert og klimatilpassa produksjon av bringebær og bjørnebær i ein forlenga sesong. NLR sin del i prosjektet er mellom anna å gjennomføre forsøk, der NLR Vest, NLR Viken og NLR Agder er dei medverkande regionane. I 2022 vart det i NLR Vest utført ugrasforsøk i eit bringebærfelt for å finne mogleg erstatning for ugrasmeddelet Reglone. I tillegg har ein hatt oppfølging av felt der den nye bringebærsorten Glen Mor er planta ut, og sett på stengelkvalitet og angrep av bringebærbarkgallmygg i Glen Ample.

KIRSEBÆRFLUGE

Kirsebærfluge (*Rhagoletis cerasi*) er eit aukande problem i søtkirsebær, og populasjonen på Vestlandet ser ut til å auke og spreie seg. Kirsebærfluga legg egg i bæra og desse klekker til larver. Larvene lever inni bæra til dei er fullvaksne, et seg ut og forpuppar seg i bakken. Feller basert på farge (gule limfeller) har vore nytta for å registrere om kirsebærfluge er til stades i eit felt. Det er vist at lukt av gjær verkar tiltrekkande på kirsebærfluge og det er mellom anna brukt i kombinasjon med kjemiske plantevernmidel. Målet med dette forsøket var å undersøkje om lukt kombinert med farge vil auke fangst i fellene, og om desse kan brukast som eit tiltak mot denne skadegjeraren.

Resultat frå sesongen 2022 viste ingen skilnad i fangst mellom feller utan lukt og feller brukt i kombinasjon med lukt av ølgjær+sukker eller ammoniumacetat. Det er ikkje utelukka at dette skuldast dispenserane som er brukt. Det bør undersøkjast vidare om andre lukstoff er aktuelle, om andre dispenserar verkar betre, og om



Frå samling i desember i Sogn, der fruktrådgjevarar frå NLR Vest, NLR Østafjells og NLR Viken utveksla kunnskap og erfaring med skjering i kjernefrukt og steinfrukt.

det er skilnader i attraktivitet mellom kjønn. Forsøket er finansiert av Grøntsatsingsmidlar frå NLR.

KIRSEBÆRMØLL – OVERVAKING OG SKADE

Kirsebærmøll kan gjere skade på søt- og surkirsebær ved å øydelegge blomen. Ein har sett stor fangst i fero-monfeller over fleire år, men fellefangst ser ikkje ut til å vere ein god indikasjon på skade i feltet. I dette forsøket ville ein undersøkje om det stemmer. I tillegg skulle ein lage like rutinar for å registrere skade, slik at det blir gjort likt i alle forsøk. Registreringane viser at det kan vere mykje kirsebærmøll i fellene om sommaren, utan at det var skade i blomen, og omvendt. For å vite sikkert om kirsebærmøll er ein medverkande årsak til låg avling i eit morellfelt, er det difor heilt nødvendig å undersøkje skade i blomen tidleg om våren, og ikkje berre stole på fellefangsten.

SAMORDNA FRUKTRÅDGJEVING

To gonger i løpet av 2022 møttest fruktrådgjevarane i NLR ute i felt, med mål om å utveksle erfaringar og diskutere tema som plantesystem, vekst- og avlingsregulering, gjødsling, vatning og skjering. Målet med prosjektet var å legge til rette for auka samarbeid og kunnskapsutveksling mellom fruktrådgjevarar frå ulike delar av landet. På den måten kan ein styrke kompetansen i NLR og utarbeide meir samordna rådgjeving. I juli møttest rådgjevarar i Hardanger, og i desember i Sogn. Prosjektet var støtta av Grøntsatsingsmidlar frå NLR.

ANDRE FORSØK OG OPPDRAG

Følgande sprøyteforsøk vart gjennomført av rådgjevarane i 2022: Alternativ til Reglone mot ugras i Bringebær; Alternativ til Topsin for lagersprøyting i Aroma; Teste alternative metodar for ugraskontroll i eplehagar med flatt og skrånande terreng. Det siste forsøket er ein del av prosjektet Solutions, som skal prøve ut nye måtar å motverke ugras i eple, jordbær og potet.

NLR var også leigd inn til å gjere arbeid i prosjektet AppleCore. Målet i dette prosjektet er å finne nivået av flygeaktivitet til pollinatorar i kjernefrukt gjennom blom-



Felt «pynta opp» til sprøytemiddelforsøk i Aroma-felt, i Loen.

stringsperioden. Arbeidet gjekk ut på både å fange pollinerande insekt frå blomen dei sat på, og å hauste eple frå dei same felta.

Forskarar involvert i prosjektet KappaBerry kom på besøk til Sogn i juni. Dei leitar etter virus og bladlus i bringebær for å finne ut kva for virus vi har i Noreg, og korleis dei spreiar seg med bladlus. NLR Vest har dei siste åra tatt ut ein del prøvar for dette prosjektet. På studieturen deira i juni reiste ein rundt til felt som hadde varierende mengd virus og bladlus.

I samarbeid med NIBIO er det gjennomført eit sprøyteforsøk mot viklarar i eple i Interreg/ØKS-prosjektet «Regionalt nettverk og samarbejde om plantebeskyttelse i specialafgrøder». Det vart hengt opp feromonfeller mot fem ulike artar i feltet, og sprøyt med Mospi-lan, Movento, Turex og NeemAzal. Før og ei veke etter sprøyting vart det registrert knoppar/bladrosettar med larver, og etter bløming vart det også teke bankeprøvar i grensetre. Skade på frukta vart kontrollert ved hausting. Diverre var det ikkje signifikant effekt av nokon av midla i forsøket.

På oppdrag frå fruktlagera i Vestland utførte NLR haustetidsanalysar på eple og pære. Dette er eit av dei større oppdraga om hausten. NLR held fram med samarbeidsavtalar med frukt- og bærmottak. I tillegg til haustetidsanalysar vart det arrangert fagmøte, markdagar og oppfølging av produsentane gjennom desse avtalane.

KOMPETANSEHEVING – NYE EPLESORTER

Etter at det vart opna for import av epletre, vart det starta eit arbeid med å få tak i nye eplesortar til den norske marknaden. NLR har medverka i eit fleirårig kompetansehevingsprosjekt med fokus på dei nye eplesortane Eden, Fryd, Asfari og Dugg (Julka). Prosjektet er eit samarbeid mellom NLR, NIBIO/GreenRoad, Gartnerhallen og Bama. Prosjektet er finansiert av Grofondet. Hovudmålet for prosjektet er å etablere dyrkingsrettleiing for desse sortane basert på «beste praksis» og tilgjengeleg kunnskap om sortane. Det er stort kunnskapsbehov knytt til dei nye sortane. Prosjektet inneber registreringar på veksteigenskapar, sjukdomsresistens (særleg skurv), fenologi og utvikling inkludert blømingstid, tynningsbehov og riktig haustetid. Resultat vert presentert

fortløpande, rapport og dyrkingsrettleiingar for dei fire sortane er planlagd å vere ferdig i løpet av fjerde kvartal 2023.

Norsk Frukt og Bær

Fagtidsskriftet Norsk Frukt og Bær er eigd av Norges Bærdrarlag, men leiger inn to redaktørar frå NLR. Jørn Haslestad (NLR Innlandet) har hovudansvar for bærstoffet og abonnement. Endre Bjotveit, NLR Vest, har ansvar for fruktstoffet og annonsørar. Bladet kjem ut seks gonger i året, og er ein viktig formidlingskanal for fagstoff til heile det norske frukt- og bærmiljøet. Økonomien i tidskriftet har vore god over mange år, og ordninga held fram i 2023.

Fellesbestillingar

MASKINSAL OG ANNA UTSTYR

Etter avviklinga av import av tåkesprøyter frå Lochmann Plantatec og utstyr for mekanisk ugrasreinhald m.m. frå Orizzonti Agricole S.r.l. i 2021 (Overteke av Hagebutikken og Maskin Importøren AS), har NLR Vest berre gjennomført enkelte fellesbestillingar av nyttig utstyr som ikkje finst på den norske marknaden. I 2022 vart det teke opp bestilling på beltegåande storkasseberarar av typen Windegger NEO+, og importert totalt ni maskiner. Windegger har no fått eigen norsk importør, firmaet Fimex,



Kvart år har NIBIO og NLR ei felles plantevernsamling for å sjå på aktuelle utfordringar ute i felt. I 2022 var samlinga i Hardanger, og her studerer fem NLR-rådgjevarar bringebærsten-glar med greinbrann.

og det er såleis ikkje aktuelt å ta opp fleire bestillingar. Det er teke opp ei fellesbestilling av motorljåvern for slått rundt frukttre. Det vart det teke med nokre ekstra slik at det finst eit lite lager for vidareasal (Stockflitzer 048 frå firmaet Oleomec GmbH). NLR Vest har også penetrometer, limfeller og eit lite lager dyser på lager for vidareasal.

SKJELSANDFORMIDLING

Gjennom året vart det formidla 36 120 hektoliter, eller 301 billass, med skjelsand i området Nordhordland og Ytre Midt-Hordaland.

PLANTESAL

Det vart også i 2022 teke opp fellestestingar på jordbær og bringebærplantar i Hordaland. Der vart det bestilt 34 100 jordbærplantar og 630 bringebærplantar.



Fagleg aktivitet i 2022: HMS/økonomi/bygg/maskinteknikk

Generelt

Faggruppa talde i 2022 elleve rådgjevarar, fire på økonomi, tre innan HMS, tre på bygg, og ein på maskinteknikk/presisjonslandbruk. Faggruppa er sprikande i arbeidsfelt, men faga grip inn i kvarandre og der er mange samarbeidspunkt mellom driftsplanlegging, byggplanlegging, maskinteknikk og HMS. Det har i 2022 vore bra etterspurnad etter tenester innan økonomi og byggrådgjeving. Der er eit potensiale for auka aktivitet, særskilt gjeld dette tal HMS-avtalar og lokale oppdrag innan maskinteknikk/presisjon. Begge desse arbeidsfeltene er tverrfaglege, og grip inn i både jordbruk og hagebruksfeltet, og det bør vere godt mogleg å auke oppdragsmengda. Frå 01.01.2023 er HMS-gruppa styrkt med ein person.

Helse, miljø og tryggleik (HMS)

NLR Vest har i 2022 hatt tre HMS-rådgjevarar, ein i Hordaland, ein i Sogn og Sunnfjord, og ein i Nordfjord og Sunnmøre. Rådgjevarane har i 2022 skrive fagartiklar i Bondevennen, Vestlandsbonden og rådgjevingsmeldingar. Det har og vore laga ei eiga HMS-melding i løpet av året, i tillegg til fleire blogginnlegg om HMS på nettsida. Rådgjevarane har og har delteke på markdagar, fagmøte og krinsmøte med innlegg om HMS. Det har og vore halde ulike innlegg om psykisk helse, og tryggleik på garden, mellom anna til Vestland bondelag, Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag og eggprodusentane i Vestland.

HMS-AVTALEN

HMS-rådgjevarane i NLR Vest tilbyr HMS-gjennomgang på garden kvart 3. år som del av HMS-avtalen. På desse gjennomgangane går ein vernerundar, ser etter farar, drøftar risiko og aktuelle tiltak for å arbeide tryggare. HMS-systemet på garden vert gått gjennom, og det blir gitt rettleiing på korleis ein kan bruke KSL som verktøy i dette. Psykisk helse, beredskap og smittevernplanar er og viktige tema. I 2022 gjennomførte HMS-rådgjevarane om lag 115 HMS-gjennomgangar. Ved årsskiftet ligg ein noko etter med gjen-

nomgangane, men med ein rådgjevar til, vil ein kome i rute med desse i 2023. NLR Vest hadde ved årsskiftet om lag 524 HMS-avtalar og 169 tilleggsavtalar. Det vart starta ein vervekampanje i desember 2022, denne vert vidareført i 2023.

HELSEKONTROLL I BEDRIFTSHELSETENESTA (BHT)

I HMS-avtalen er det tilbod om helsekontroll hjå bedriftshelsetenestene Avonova og Bedriftshelse1 kvart 3.år. Normalt går dette tilbodet ut til mellom 150 og 200 personar pr. år, men dei siste to åra har pandemien gjort at ein ligg etter. Kontrollen er førebyggjande, med mål om å finne ut om der er helseutfordringar i arbeidsmiljøet som bør gjerast noko med. BHT viser vidare til fastlege eller spesialist dersom ein oppdagar sjukdom eller skade.

TILRETTELEGGING AV ARBEIDSPASS

Folketrygda slår fast retten til å «ha, eller behalde høveleg arbeid», og at det kan løyvast midlar til dette gjennom NAV Hjelpemiddelsentralen, utifrå visse vilkår. HMS-rådgjevarane utferdar landbruksfagleg dokumentasjon i desse sakene. Det syner seg vanskelegare no enn tidlegare å nå gjennom med slike saker, men det er god dialog med Hjelpemiddelsentralen før det vert sendt søknad. I 2020 har det vore arbeid med tre-fire slike saker, to av dei med hjelp til å søkje midlar.

PSYKISK HELSE – HJELP I KRITISKE SITUASJONAR

NLR har i samarbeid med BHT, tilbod om oppfølging i situasjonar som kan bli kritiske med tanke på psykisk hel-



Faggruppa, samla på Voss i november 2022.



Vernerunde hjå Claus Moe, Luster. Avløyssar Steinar Kalhagen er viktig å ha med på runden.

se. Dette tilbodet er uavhengig av medlemskap. Hjelpa kan vere ein fyrste samtale med HMS-rådgjevar, vidare oppfølging frå helsepersonell i BHT, og tilvising til primærhelsetenesta. HMS-rådgjevarane i NLR Vest vore kontakta i fleire slike saker i 2022. Oppfølginga har vore frå telefonkontakt, til oppmøte på garden og tilvising til helsepersonell i BHT.

SHA-PAN OG KOORDINERING

Byggherreforskrifta krev at det ved bygging over eit visst omfang skal utarbeidast eigen plan for sikkerheit- helse, og arbeidsmiljø. I 2022 har det vore utarbeidd to slike planar.

KOMPETENT KONTROLL AV BRANNSLØKKJEAPPARAT

Alt handslökkjeutstyr i næringsverksmd skal ha årleg kompetent kontroll, med fargekoda forsegling og lapp med kontrollldato. NLR Vest har ein person som har starta med slike kontrollar hausten 2022, i fyrste omgang til HMS-kundar i eige område. Det kan vere aktuelt å lage til kontroll dagar i

ulike bygder, der ein kan ta med seg slökkjeapparata og få dei kontrollerte. Det vil bli gitt kompetanse til fleire medarbeidarar på dette området etterkvart.



NLR Vest tilbyr kontroll av sløkkeapparat.

Kurs

PRAKTISK HMS-ARBEID

Kurset dekkjer krav i KSL og arbeidsmiljølova om at leiar for verksemda skal ha HMS-opplæring. Det blir gitt avvik på manglande kurs ved KSL-revisjon. Det er halde fem kurs via Teams i 2022. I alt 74 personar har gjennomført HMS-kurs i 2022. Vernerunde på eigen gard har vore obligatorisk på kurset. Alle oppmøtekurser vart avlyste grunna lite påmelding.

SERTIFISERINGSKURS, BRANNSIKRING VED VARME ARBEID

Forsikringsselskapa stiller krav om sertifikat for utføring av

varmt arbeid, også på eigen gard. Sertifikatet må fornyast kvart 5.år. Det vart i 2022 gjennomført 18 sertifiseringskurs med 259 deltakarar. Kursa har vore spreidde over heile regionen. Ein kan og ta teorien av dette som nettkurs.

“INN PÅ TUNET” - KVALITET OG TRYGGLEIK

Kurset er laga for dei som ynskjer å nytte Matmerk si godkjenningsordning for rett til å bruke logo og namnet «Inn på tunet». Det har ikkje vore kurs i 2022.

TRYGGLEIKSDAGAR PÅ VIDAREGÅANDE SKULAR

NLR tilbyr eigne tryggleiksdagar til vidaregåande skular med naturbruk. Fokus er på brannførebygging og ulukkesrisiko, med både vernerunde og praktisk sløkkeøving. Tryggleiksdagane er finansierte av Landbrukets Brannvernkomité. I 2022 har det ikkje vore tryggleiksdagar i NLR Vest sitt område.

TRYGG TRAKTOR OG SIKKER LAST

I samarbeid med Statens Vegvesen og Politiet, har det vore halde fem fagmøte med tema traktor og last. Fokus var på lastsikring, stropper, vekt, lys, førarkort og generell framferd i trafikken med traktor. Møta har vore del-finansierte ved midlar frå Vestland fylkeskommune. Litt over 90 personar deltok på fagmøta. Tilsvarende fagmøte vert skipa til på Sunnmøre i 2023.

Økonomisk rådgjeving og driftsplanlegging

Det har vore god aktivitet innan fagfeltet økonomi- og driftsplanlegging i 2022. Det vart laga 47 driftsplanar og tre erstatningsberekningar. Det har vore oppdrag innan



Fagmøte om trygg traktor og sikker last på Nordfjordeid, er det godt nok stroppa?

eit vidt spekter av produksjonar i landbruket, men ammeku- og saueprosjekt dominerer. Driftsanalysar som bakgrunn for å optimalisere drifta er det aukande etterspurnad etter.

Ynskje om bruksutbygging og søknad til Innovasjon Norge (IN) om støtte, er grunnen til dei fleste oppdraga innan økonomisk rådgjeving. NLR Vest yter hjelp til søknadsskrivinga, etter ynskje frå kunden. Nokre kundar treng rådgjeving og driftsplan for å synleggjere det økonomiske potensialet til garden i samband med gardsovertaking. Bankar set også krav om driftsplan i samband med lånesøknader til bruksutbygging.

Jordbruksoppgjeret i 2022 vart eit rekordhøgt oppgjer. Kompensasjon for kostnadsveksten næringa opplever var



Sløkkeøving er obligatorisk ved kurs i varme arbeid, her frå Arna i april 2022.



Desse to herefordkalvane hos ammekubonde Erlend Kjølraug Larsen i Marifjæra i Luster ser ut til å ha fått godt med mat og stell. Erlend har mordyr og kalvar i lausdrift i nytt påbygg.

ein viktig grunn for dette. Særleg dei minste sauebruka fekk ein kraftig auke i det at husdyrtilskotet vart dobla for buskapar med inntil 75 sauer. Dette var heilt nødvendig. Det er diverre framleis svak lønsemd i både ammeku- og saueproduksjonen, så det er utfordrande å investere. Både variable og faste kostnader har stige kraftig. Eit nytt sauefjøs til 100 sauer med drenerande golv kosta i 2022 mellom tre og fire mill. kroner (total kalkyle inkl. eigeninnsats). Innovasjon Norge støtta slike fjøs med 25 % i 2022. Resten av finansieringa måtte byggherre ordne sjølv (eigeninnsats, eigenkapital og lån).

Felles for bøndene som vel å satse er stor interesse for faget og stor arbeidskapasitet. Dei aller fleste kundane har lønsinntekt eller anna næringsinntekt i tillegg til gardsdrifta. Driftsplanen må synleggjere at investeringa i fjøs gir eit visst driftsoverskot. Saman med anna næringsinntekt eller lønsinntekt må familien ha ei samla løn som er akseptabel. Det er likevel slik at arbeidskraftbehovet etter ei utbygging kan bli vel høgt, samstundes som driftsplanen ikkje har rom for nok innleigd hjelp. Det kjem fleire tilbakemeldingar frå tidlegare kundar om dette. Denne risikofaktoren vert diskutert grundig i planleggingsfasen, og økonomirådgjevarane er tydelege på at mykje arbeid og svak lønsemd over tid er ein svært krevjande kombinasjon.

PROSJEKT «UTMARKSBASERT KJØTPRODUKSJON I VESTLAND»

Prosjektet har tilbydd rådgjeving innan økonomi/vegval, bygg og innandørsmekanisering/ grovfôrhandtering for både sau og storfe (ammeku). Fokusområde har vore moderne og lettstelte fjøs med gjennomtenkte løysingar for grovfôrhandtering og dyreflyt. Lønsemd er heilt avgjerande for ein vellukka og langvarig produksjon. Grundig arbeid med driftsplan og bygg-/planløyningar er ein suksessfaktor i prosjektet. Godt samarbeid mellom byggherre, byggrådgjevar og økonomirådgjevar i planleggingsfasen er heilt avgjerande for at prosjekta vert vellukka.

Delmål i prosjektet i 2022 har vore:

- Vestland fylke skal halde på sin relative del av småfe- og storfekjøtproduksjonen i landet
- Bidra til at det vert bygt 400 nye ammekuplassar i nye eller ombygde eldre fjøs i Vestland
- Bidra til at Innovasjon Norge sin tilskotspott for bygg til småfe vert nytta 100 %
- Ha fokus på ressursgrunnlag (areal) og lønsemd
- Ammekukurs for kvinnebønder
- Tilby mentorordning til unge/uerfarne bønder som ynskjer det
- Arrangere kurs
- Arrangere fagturar/ope fjøs
- Sette fokus på innmarksbeite som produsent av rimeleg fôr

Det har vore stor aktivitet i prosjektet, og NLR Vest har bidrege til at mange byggeprosjekt er sett i gang.

Innovasjon Norge løyvde støtte til mange saue- og ammekufjøs i 2022. Heile 26 saueprosjekt med ein samla kostnad på 58 mill. kr fekk løyvd over 17 mill. kr i støtte. Til ammekuprosjekt er det løyvd støtte til 18 fjøs med ei samla investering på 58 mill. kr og 17 mill. kr i støtte.

Ammekuproduksjon er ei næring i vekst i Vestland fylke. Godt samarbeid mellom ulike organisasjonar er avgjerande for utviklinga: Tyr, Nortura, Storfeprojektet og NLR Vest har eit felles mål om å stimulere til vekst innan denne næringa.

Lammeslaktninga har gått litt ned i 2022 i Vestland, men korleis sauetalet utviklar seg no etter at lønsemda fekk eit løft, vert spennande.

Svært godt samarbeid mellom rådgjevarar innan bygg, økonomi, jordbruk og HMS i NLR Vest er ein suksessfaktor i dette prosjektet. Prosjekt Utmarksbasert kjøtproduksjon er finansiert med sal av tenester og UTM-midlar frå Vestland fylkeskommune, og det vert laga ein eigen årsrapport for dette prosjektet.

ØKONOMISK RÅDGJEVING ANDRE NÆRINGER

NLR Vest tilbyr økonomisk rådgjeving også til produksjonar utanom det tradisjonelle landbruket. I 2022 har ein gitt råd og utarbeidd kalkylar for m.a. siderhus, sagbruk og kjøp av tilleggseigedom.

SNOP-KURS

Strategisk nærings- og produksjonsutvikling (SNOP) er eit kurs NLR Vest har hatt nesten årleg sidan 2012. Her lærer deltakarane å lage forretningsplan, og får innføring i korleis dei skal gå fram for å få til ei vellukka verksemd. Frå 2020 vart SNOP tilbydd som eit 100 % nettbasert kurs, i ein kombinasjon av videoførelingar og webinar. I 2022 har fem deltakarar tatt dette kurset.

Bygningsplanlegging

NLR Vest har tre bygningsplanleggarar. Med det er der god kapasitet til å hjelpe medlemar og andre med råd og planlegging i utbyggingssaker, i heile NLR Vest sitt område.

NLR Vest har hatt godt med oppdrag innan byggplanlegging i 2022. Særskilt for bygg til ammeku og sau, men også noko planlegging av bygg til mjølkeku. Bygningsplanleggarane har utarbeidd litt over 40 byggeplanar og vore på 35 førstebesøk. I tillegg har ein vore involvert i fleire andre oppdrag gjennom året, også leveransar til del eksterne aktørar.

Det er utført eitt byggeleiar/koordineringsoppdrag dette året, med litt ulik funksjon og grad av involvering. NLR Vest står som ansvarleg søkjar på fleire nye driftsbygningar i eige område og i andre delar av landet. Det er i stor grad byggefirma som kjøper denne tenesta hjå NLR Vest.

Hausten 2022 arrangerte NLR Vest to kursdagar med tema «Bonden som byggherre». Kursa gjekk på Skei og i Norheimsund. Kursa vart haldne med støtte frå Vestland fylkeskommune. Over 40 personar deltok. Frå NLR vart det undervist om driftsplan, byggeplan/byggesøknad, og plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø(SHA). Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest hadde innlegg om finansiering, og Innovasjon orienterte om prosess og søknad om offentlig støtte.

Det har også i 2022 vore auka etterspurnad om tetta-



Sigbjørn (t.v.) og Steinar Espe i Sogndalsdalen er svært fornøyd med nytt sauefjøs som dei flytta inn i før lamminga i 2022.



Håvard Tveit i Brekke, Gulen kommune, har nytta godt ut eksisterande fjøs. Bygg- og økonomirådgjevarane vart imponerte.



Nøgde rådgjevarar og bønder i nytt fjøs på Sørestrand, Lavikdal, Høyanger kommune.



Bygge eller ikkje – driftsplanen er viktig.

re oppfølging av prosjekta. Byggherre vil ha hjelp til innhenting av tilbud og kontrahering, også i sjølve byggeperioden. Dette er både tid- og ressurskrevjande, men heilt tydeleg ei teneste som byggherre er villig til å betale for.

NLR har i overkant av 20 bygningsplanleggarar fordelt over heile landet. Gjennom fysiske samlingar, kurs, og møte på teams, utvekslar byggplanleggarane erfaring og kompetanse. Samarbeidet og kompetanseflyten mellom dei ulike regionale einingane i NLR er god, og svært viktig.

Maskinteknikk/presisjonslandbruk

Sidan starten i 2018 har NLR bygt opp eit godt, landsdekkande fagmiljø innan maskinteknikk og presisjonslandbruk. NLR Vest sin rådgjevar har og i 2022 hatt fleire landsdekkande oppgåver, særleg knytt til arbeid med dekningskartlegging.

AKTIVITET I 2022

Det har vore organisering av dekningsbilen, oppdrag i

Nord-Noreg, med fagdagar i Finnmark, og test av forstyrrende støy (jamming) på Andøya. Det vart og halde foredrag på Finnmarksmøtet i Karasjok. Dekningsbilen er avslutta i 2022, den praktiske delen er over og det skal leverast rapport i 2023.

Det har vore deltaking på markdagar før slått med dekningsbilen, informasjon og drøftingar om signal og presisjonsutstyr. Det er også delteke på fleire kurs i regi av Eikmaskin og Felleskjøpet, for å få kunnskap om overføring av datafiler til ulike traktormerke (John Deere, Massey Ferguson, Valtra og Fendt).

Det har vore undervisning i maskinteknikk på vakse-nagronomkurset ved Stend vidaregåande skule, utført funksjonstestar på både tåke- og åkersprøyter for medlemmar.

Det har vore rådgjeving knytt til rådgjevingspakken NLRpluss Grovfôr, med fokus på sporejakt, innstilling av slåtteutstyr og testing av gjødselspreiarar. Dette er i samarbeid med jordbruksrådgjevar .

Ein har vore representert på messer og utstillingar; Borgeby Fältdagar i Sverige, ei utstilling med høgt fokus på demonstrasjonar og felttestar, samt landbruksmessa Agrovisjon i Stavanger.

Rådgjevar for maskinteknikk og presisjonslandbruk i NLR Vest er engasjert til organisering av maskinutstillinga på Agrisjåmessa i Stjørdal 2023. NLR er medarrangør av denne messa.



Banken orienterer på kurs for bonden som byggherre.



Konsentrerte byggerådgjevarar på synfaring.



Testing av gjødselspreiar kan vere viktig for avling og økonomi.







Testhengaren er på plass i vakre Oldedalen i Stryn kommune.

Felles for faggruppene

FUNKSJONSTESTING AV SPRØYTEUTSTYR

2022 var nok eit effektivt år for funksjonstesting av åkersprøyter og tåkesprøyter i NLR Vest. Totalt vart det testa 125 sprøyter frå Fitjar i sør til Fjørtofta i nord. Det vil seie at ventelistene er skrumpa heilt inn. Alle som har meldt seg på etter avslutta sesong i 2022, vil få testa sprøyta i 2023. NLR Vest tilbyr funksjonstesting både av åkersprøyter og tåkesprøyter, samt hjelp til eigenkontroll, innstilling og bruk. Det er råd å få kjøpt reservedelar som t.d. pakningar og dyser i samband med testing. Ved manglar på sprøyta under testen, kan enkle reparasjonar gjerast på staden, og sprøyta blir godkjend der og då. Tidlegare var det krav om funksjonstest kvart 5. år, men som mange kanskje har fått med seg er dette kravet no sett til kvart 3.år. Så ta kontakt med din rådgjevar, eller nytt nettsidene våre, og bestill funksjonstesting i 2023!

AUTORISASJONSKURS I PLANTEVERN

198 bønder tok teoridelen på dei ulike kursa i 2022. Dette er samla for dei som fornya sertifikatet sitt og dei som tok det for første gong. 111 deltakarar fullførte praksisdag og tok eksamen for første gong. Dei fleste av desse er inkludert i dei som tok teoridelen.

AUTORISASJONSKURS, SMÅGNAGARAR

NLR Vest hadde 63 deltakarar på desse kursa i 2022.

NLRPLUSS GROVFÔR

Dette var tidlegare ein rådgjevingspakke til fast pris. Sidan er NLRpluss Grovfôr blitt namnet på eit rådgjevingstilbod som er fleksibelt både når det gjeld omfang og innhald. Medlemane kan nytte ønskt rådgjevar etter behov gjennom sesongen. Denne medlemstenesta blir utført av rådgjevarar både frå Jordbruksgruppa og frå Faggruppe HMS/Økonomi/Bygg/Maskin. Totalt kjøpte 39 medlemmar denne tenesta i 2022. Gjennomsnittet låg på 4 timar pr. bruk gjennom året.

MENTORORDNINGA 2022

18 par gjennomførte mentorordninga her i region vest i 2022 (118 totalt i landet). Ordninga er prioritert for unge og nye bønder eller bønder med ny produksjon på garden. Produksjonane har vore sau, ammeku, mjølk, frukt, grønnsaker, honning og foredling av frukt, bær og kjøtt. Takk for innsatsen til dykk som har bidrege som mentorar og lukke til med vidare drift for de som har vore heldige og hatt mentor i 2022!



ØKOLOGISK LANDBRUK

NLR Vest tilbyr eit vidt spenn med rådgjevingprodukt innan økologisk landbruk. Rådgjevingstenestene har ei innpakning som er felles for heile landet. NLR Vest søker årleg om midlar frå NLR-sentraleininga for å kunne tilby gratis, eller rabatterte, rådgjevingstenester.

NLR Økologisk Førsteråd er ei gratis og uforpliktande teneste for gardbrukarar som vurderer å leggje om jordbruksdrifta til økologisk produksjon. Tilbodet inkluderer eit gardsbesøk, skriftleg tilbakemelding og tilbod om oppfølging. I 2022 vart det gjennomført 14 Økologisk Førsteråd. Det er 2 mindre enn året før.

NLR Økologisk Rådgjevingssavtale er ei rabattert rådgjevingsteneste for produsentar som anten driv, eller vurderer å drive økologisk. Tema kan vere planteproduksjon, ugrasproblematikk, beitebruk, byggtknikk, osv. Timepris for gardbrukar var 350 kr i 2022, (450 kr/t i 2023). Ein rådgjevingssavtale kan bestå av inntil ti rådgjevingstimar innan eit kalenderår (fem timar andre året). I 2022 blei det utført 80 timar arbeid i 20 rådgjevingssavtalar.

NLR Økoplan er ei ordning der ein gjev gardbrukarar hjelp til innmelding i Debio, inntil ti timar. Timepris for gardbrukar var 350 kr i 2022. (450 kr/t i 2023).

NLR Økologisk Informasjonsmøte er eit arrangement for alle produsentar der økologisk landbruk er tema.

NLR Økologisk Grupperåd er ein fagleg møtestad for både konvensjonelle og økologiske produsentar. Tema på ei slik samling kan vere planteproduksjon, produksjonsbygg, økonomi, jordhelse, husdyrproduksjon eller andre dagsaktuelle tema. I 2022 vart det gjennomført ti Økologisk Grupperåd.

I alt vart det utført økologiske rådgjevingstenester i NLR Vest for kr 268.053 i 2022 (kr 375.262 i 2021).

Skriftleg informasjon

VESTLANDSBONDEN

Medlemsbladet Vestlandsbonden kom også dette året ut med to nummer. Nr. 1 var Årsmelding for 2021, utsendt i mars. Her var også med eit oversyn over den faglege aktiviteten i året som gjekk. Nr. 2 kom ut i desember. Denne utgåva inneheldt informasjon om NLR

Vest og var krydra med fleire nokre fagartiklar. Begge utgåvene av Vestlandsbonden blei utsendt i posten til alle medlemar og ligg tilgjengeleg på nettsidene. 2022 var det 7. året NLR Vest lagde og sendte ut bladet Vestlandsbonden til medlemmane.

NETTSIDA: VEST.NLR.NO

Nettsida er brukt til kunngjering av arrangement, nyhende og publisering av artiklar. I 2022 blei det lagt ut 85 fagartiklar. Dette er vesentleg meir enn året før. Nokre av artiklane blei også brukte i Bondevennen og i Vestlandsbonden. Størst interesse har det vore for ein artikkel om økologisk fruktdyrking og artiklar som går på ugrasbekjemping av høymole, tistel og siv. I tillegg blei det på nettsida publisert korte nyhende og kunngjeringsar av kurs og andre aktivitetar i løpet av 2022.

BLOGG

I 2021 starta NLR Vest opp med blogginnlegg frå dei tilsette. Dette har halde fram også i 2022. Innlegga er skrivne i ein lett tone, men har oftast hatt eit fagleg bakteppe. Bloggane er publiserte på nettsida og er oftast linka til også i rådgjevingsmeldingane. Det er publisert 50 blogginnlegg i 2022.

BONDEVENNEN

Også i 2022 deltok medarbeidarar i NLR Vest med fagartiklar i Bondevennen. Saman med NLR Agder og NLR Rogaland vart det samarbeidd om fire fellesutgåver i mars-juni, og tre utgåver i august-oktober. Desse utgå-



Optima pH4 Gel

til overflatesår, munnskurv, jur- og spenesalve, og som glidemiddel ved fødselshjelp.

Andre produkt:

- **Spenevask og Spenespray** - god jurhelse - god mjølkehygiene
- **Universalsvask og Organiske syrer** til reinhald i heim og fjøs
- **Hudvask og Hudbalsam** - personleg hygiene og ved hudplager

Gjer «livet surt» for problembakteriane og legg til rette for dei gode bakteriane i heile miljøet.



Optima Produkter AS

5600 Norheimsund, Tlf. 56 56 46 10

www.optima-ph.no



vene er sendt ut digitalt til medlemmane. Samarbeidet med Bondevennen resulterer i at NLR har endå ein måte å nå fram med fagstoff på.

I 2022 vart det laga åtte fagartiklar av rådgjevarar frå NLR Vest.

FACEBOOK: [FACEBOOK.COM/NLR.VEST](https://www.facebook.com/nlr.vest)

Facebooksida til NLR Vest har knapt 3000 følgjarar. Det blei lagt ut 333 innlegg i 2022. Dette er nyhende og fagartiklar m.m. Facebook er heilt klart ein viktig kanal for å nå ut til mange. Ei sak hadde ei rekkevidde på knapt 24000 personar. Best likte sak hadde 193 reaksjonar.



Kolbjørn Taklo saman med Hege Alsaker. Litt tørrtrening. (illustrasjonsfoto).

Bildet til venstre syner det mest likte innslaget på Instagram i 2022. Dette var eit apropos til ei utvikling mot større einingar i landbruket og stadig tyngre og dyrare utstyr i bruk. Folk likte tydelegvis at vi framleis kan sjå mindre, velstelte gardsbruk i drift, der fôrhaustaren er i bruk! Bildet er frå Årdalen i Breim, Gloppen kommune.

Facebooksida blir også brukt til marknadsføring av saker frå andre organisasjonar. Dette er betalte oppdrag, og gjeld saker som er relevante for medlemmane i NLR Vest.

INSTAGRAM: NLRVEST

Kontoen har 730 følgjarar. Det blei lagt ut vel 70 innlegg i 2022, beste rekkevidde for innlegg var 548. På det meste blei det trykt «like» 61 gonger på same innlegg. Det er i tillegg publisert 65 innlegg på «historia» på Instagram. Desse ligg inne eit døgn, og blir sett av opptil 200 personar kvar gong.

FAGBLADET ØKOLOGISK LANDBRUK

Det er skrive ein reportasje og to spalteinlegg i Fagbladet Økologisk Landbruk i 2022.

Synneve Øien Frøyen og Tonje Fjågesund, reportasje: Epledyrking i Hardanger.

Lena Abel, spalte: «Vassarve», «Linbendel»

PODKAST

Vestlandsbonden-ein NLR Vest-podkast, laga av og med tilsette i NLR Vest, publiserte 11 nye episodar i 2022. Blant tema som vart diskutert var «landbruksplast», «Presisjonslandbruk», «Klimasmarte driftsbygningar i landbruket» og «God skit er gull verdt». Totalt har podkasten blitt spelt av kring 13 000 gonger. Så her har mange vestlendingar fått godt landbruksnytt innpå øyret!

Tilsette og innleigde i NLR Vest per 1. mars 2023

ADMINISTRASJON

Fredrik Fjose	Dagleg leiar	Voss	90540785
Åse Leirgulen	Nestleiar	Sandane	90967726
Iver S Eide	Administrasjonsmedarbeidar	Sandane	90507386

JORDBRUK

Dag-Arne Eide	Rådgjevar/Fagleiar jordbruk	Sandane	95812790
Lena Abel	Rådgjevar jordbruk	Sandane	46236855
Sigmund Larsen	Rådgjevar jordbruk	Kjølsdalen	95223529
Hege Alsaker	Rådgjevar jordbruk	Sandane	95836309
Lise Elvagjeng	Rådgjevar jordbruk	Leikanger	95779292
Marit Henjum Halsnes	Rådgjevar jordbruk	Leikanger	41511774
Ove Sørestrand	Rådgjevar jordbruk	Hellevik, Fjaler	95138819
Olav Martin Synnes	Rådgjevar jordbruk	Ålesund	99573688
Åsmund Seljeset	Rådgjevar jordbruk	Ørsta	41339357
Liv Lyngstad	Rådgjevar jordbruk	Øystese	98245830
Helena Elvatun	Rådgjevar/Teamleiar jordbruk	Voss	98245836
Gunnlaug Røthe	Rådgjevar jordbruk	Voss	98245835
Lise N Austrheim	Rådgjevar jordbruk	Kokstad	98245831
Katrine Østraat	Rådgjevar jordbruk	Kokstad	98245844
Trygve Torsteinsen	Innleigd rådgjevar	Kokstad	98245845

FRUKT OG BÆR

Stine Huseby	Fagleiar frukt og bær	Leikanger	48040498
Tonje Fjågesund	Rådgjevar frukt	Leikanger	98811050
Endre Bjotveit	Rådgjevar frukt	Lofthus	41452940
Iren Lunde Sekse	Rådgjevar frukt	Lofthus	94498112
Sigrid Flatland	Rådgjevar frukt	Lofthus	97173573
Ingvill Hauso	Rådgjevar frukt og bær	Lofthus	90174657
Henrik Tellevik	Rådgjevar bær	Askøy	98245832
Synneve Øien Frøyen	Rådgjevar frukt og bær	Sandane	47397706

HMS/ØKONOMI/BYGG/MASKIN

Kolbjørn Taklo	Fagleiar HMS/økonomi/bygg	Sandane	91396560
Olve Flo Sunde	Rådgjevar bygg	Sandane/Stryn	48953447
Jonas Forthun	Rådgjevar bygg	Voss	40309041
Hans Emil Dale	Rådgjevar bygg	Selbu	48946130
Øystein Tholo	Rådgjevar HMS	Kokstad	95778279
Trude Iren Saure	Rådgjevar HMS	Ørsta	97528775
Britt Lilly Hylland	Rådgjevar HMS	Voss	99314756
Ester Helland	Rådgjevar økonomi/adm.	Stord	98245842
Leif Trygve Berge	Rådgjevar økonomi	Ølve	98245839
Arve Arstein	Rådgjevar økonomi	Hellevik, Fjaler	99470161
Mari Aker	Rådgjevar økonomi	Voss	98245840
Gunstein Dyrdal	Rådgjevar presisjonslandbruk	Kokstad	47463696





**Fredrik Fjose**

Dagleg leiar
905 40 785
fredrik.fjose@nlr.no
Voss

**Åse Leirgulen**

Nestleiar
909 67 726
ase.leirgulen@nlr.no
Sandane/Rugsund

**Iver Sætren Eide**

Administrasjon
905 07 386
iver.eide@nlr.no
Sandane

**Dag-Arne Eide**

Fagleiar jordbruk
958 12 790
dag-arne.eide@nlr.no
Sandane

**Lena Abel**

Rådgjevar jordbruk
462 36 855
lena.abel@nlr.no
Sandane

**Helena Elvatun**

Rådgjevar jordbruk
986 91 722
helena.elvatun@nlr.no
Voss

**Gunnlaug Røthe**

Rådgjevar jordbruk
982 45 835
gunnlaug.rothe@nlr.no
Voss

**Sigmund Larsen**

Rådgjevar jordbruk
952 23 529
sigmund.larsen@nlr.no
Kjølsdalen

**Hege Aardal Alsaker**

Rådgjevar jordbruk
958 36 309
hege.alsaker@nlr.no
Sandane

**Lise Elvagjeng**

Rådgjevar jordbruk
957 79 292
lise.elvagjeng@nlr.no
Leikanger

**Marit Henjum Halsnes**

Rådgjevar jordbruk
415 11 774
marit.henjum.halsnes@nlr.no
Leikanger

**Ove Sørestrand**

Rådgjevar jordbruk
951 38 819
ove.sorestrand@nlr.no
Fureneset, Fjaler

**Olav Martin Synnes**

Rådgjevar jordbruk
995 73 688
olav.martin.synnes@nlr.no
Ålesund

**Åsmund Seljeset**

Rådgjevar jordbruk
413 39 357
as@nlr.no
Ørsta

**Liv Lyngstad**

Rådgjevar jordbruk
982 45 830
liv.lyngstad@nlr.no
Øystese

**Lise N Austrheim**

Rådgjevar jordbruk
982 45 831
lise.austrheim@nlr.no
Kokstad, Bergen

**Katrine Østraat**

Rådgjevar jordbruk
982 45 844
katrine.ostraat@nlr.no
Kokstad, Bergen

**Trygve Torsteinsen**

Innleigd rådgjevar
982 45 845
trygve.torsteinsen@nlr.no
Bergen

**Stine Huseby**

Fagleiar frukt og bær
480 40 498
stine.huseby@nlr.no
Leikanger

**Tonje Fjågesund**

Rådgjevar frukt
982 45 836
tonje.fjagesund@nlr.no
Leikanger

**Ingvill Hauso**

Rådgjevar frukt og bær
901 74 657
ingvill.hauso@nlr.no
Lofthus

**Henrik Tellevik**

Rådgjevar bær
982 45 832
henrik.tellevik@nlr.no
Askøy

**Endre Bjotveit**

Rådgjevar frukt
414 52 940
endre.bjotveit@nlr.no
Lofthus

**Irèn Lunde Sekse**

Rådgjevar frukt
944 98 112
iren.sekse@nlr.no
Lofthus

**Sigrid Flatland**

Frukt, planteplaner
971 73 573
sigrid.flatland@nlr.no
Lofthus

**Synneve Øien Frøyen**

Rådgjevar frukt og bær
982 45 837
synneve.oien.froyen@nlr.no
Sandane

**Kolbjørn Taklo**

Fagleiar HMS/økonomi/bygg
913 93 560
kolbjorn.taklo@nlr.no
Sandane

**Olve Flo Sunde**

Rådgjevar bygg
489 53 447
olve.flo.sunde@nlr.no
Sandane/Stryn

**Jonas Forthun**

Rådgjevar bygg
403 09 041
jonas.forthun@nlr.no
Voss

**Hans Emil Dale**

Rådgjevar bygg
489 46 130
hans.emil.dale@nlr.no
Selbu

**Øystein Tholo**

Rådgjevar HMS
957 78 279
oystein.tholo@nlr.no
Kokstad, Bergen

**Trude Iren Saure**

Rådgjevar HMS
971 66 775
trude.iren.saure@nlr.no
Ørsta

**Britt Lilly Hylland**

Rådgjevar HMS
britt.lilly.hylland@nlr.no
Tilsett frå 01.01.2023
Voss

**Ester Helland**

Rådgjevar økonomi/adm.
982 45 842
ester.helland@nlr.no
Stord

**Leif Trygve Berge**

Rådgjevar økonomi
982 45 839
leif.trygve.berge@nlr.no
Ølve

**Arve Arstein**

Rådgjevar økonomi
994 70 161
arve.arstein@nlr.no
Fureneset, Fjaler

**Mari Aker**

Rådgjevar økonomi
982 45 840
mari.aker@nlr.no
Voss

**Gunstein Dyrdal**

Rådgjevar presisjonslandbruk
474 63 696
gunstein.dyrdal@nlr.no
Kokstad, Bergen



Prisar for tenester i 2023

Timepris for rådgjeving, t.d. medlemsbesøk, telefonrådgjeving, e-post-konsultasjon:

Timepris: 800 kr for medlemmar. Dette utgjer 40 % rabatt for medlemmar. 1330 kr for andre.

Medlemmar blir berre fakturerte for aktiv rådgjevingstid, andre må betale timepris for både rådgjevingstid og eventuell reisetid. 1 time telefonrådgjeving per år er inkludert i arealkontingenten. Dvs. at medlemmar som betalar arealkontingent for grovfôr, frukt/bær eller grønnsak/potet kan nytte rådgjevar i inntil 1 time årleg.

Gjødslingsplan:

Grunnpris: 1200 kr inkludert inntil 1 t arbeid. Tidsbruk ut over 1 time: Timefakturerings, 800 kr pr. time for medlem. For andre: Grunnpris 2000 kr, deretter 1330 kr pr. time.

Planteplan (frukt):

Timefakturerings, 800 kr pr. time for medlem.
For andre: 1330 kr pr. time

Jordprøver, bladprøver:

Oppmøte/forarbeid/etterarbeid, fast pris: 800 kr
Uttak av prøve: Medlemspris for medgått tid på garden, 800 kr per time.
For andre: 1330 kr per time (inkl. førebuing, reise- og arbeidstid, uttak av prøvar, etterarbeid).

Fôrprøver:

Oppmøte/forarbeid/etterarbeid, fast pris: 400 kr
Uttak av prøve: Medlemspris for medgått tid på garden, 800 kr pr. time

NLR Surførtolken (berre for medlemmar):

Vurdering og tilbakemelding til medlemmar som har analyse-resultat av fôret: 600 kr per fôrprøve.

Rådgjevingsavtalar:

NLRpluss Grovfôr: Timepris medlem, 800 kr
NLRpluss Frukt og bær: Timepris medlem, 800 kr

Bygningsplanlegging:

Timepris 950 kr for medlemmar, 1600 kr for andre
Fyrstebesøk for bygningsplanlegging: 3200 kr for alle

Driftsplanlegging:

Timepris medlem 800 kr. For andre: 1330 kr

Mekanisering, presisjonslandbruk:

Timepris medlem 800 kr. For andre: 1330 kr

Helse, miljø og sikkerheit, HMS-avtale:

Inkludert i prisen er bedriftshelseteneste og undersøking av arbeidshelse. Regelmessig tilbod om HMS-gjennomgang på garden, eigen HMS-rådgjevar, vernerunde, risiko- og handlingsplan for HMS. Tilgang til rådgjevar og helsepersonell ved behov:

2350 kr pr. år for verksemda inkl. ein person, gjeld medlemmar. Tilleggsavtale for fleire personar: 1200 kr pr. person.
Avtalepris for andre er 4700 kr pr. år.
Kontroll av brannsløkkingsapparat, oppmøte (utanom HMS-besøk) 800 kr, deretter timepris.

Funksjonstesting av åkersprøyte:

For medlemmar: 3000 kr
Medlem i gruppe: 2600 kr (3 eller meir)
For andre: 5000 kr

Funksjonstesting av tåkesprøyte:

For medlemmar: 3800 kr
Medlem i gruppe: 3400 kr (3 eller meir)
For andre: 6200 kr

Alle prisar er oppgjevne utan mva.

Fimex AS er et spesialfirma for alle som er interessert i det som gror og spirer.
Vi selger varer og tjenester til proffe bønder og til alle som liker å plante ting i bakken for å få det til å vokse.

Fimex er nå forhandler for Windegger i Norge!



Windegger produserer høsteplattformer i ulike størrelser med elektrisk drift, samt den elektriske storkassebæreren NEO+

Maskinene egner seg svært godt i bratt terreng og letter innhøstingsarbeidet vesentlig.



NYHET!
B2 SLÅTTEAPPARAT FRA WINDEGGER
Nytt design for mekanisk ugrasrenhold i frukthagen!

Besøk gjerne vår nettside hvor du finner mange av våre produkter.
Ring oss gjerne for en fagprat. Espen og Jarl Olav har mye kunnskap i forhold til produksjon og drift.



www.fimex.no | post@fimex.no | Tlf. 957 07 000



sparebanken
sogn og fjordane

LEASE i staden for å kjøpe?

Leasing har mange fordeler framfor lånefinansiering og kan vere eit godt alternativ når du har bruk for køyretøy eller utstyr ein periode.

Inntil 100 % finansiering.

I lag finn vi ei løysing som passar for di bedrift.

Vi tilbyr leasing gjennom Sparebank1 Finans Midt-Norge



Ta kontakt med Ragnhild:
ragnhild.helgheim@ssf.no
eller 481 67 103

ssf.no/leasing



SPRØYTE
GÅRDEN



Vi har Norges største utvalg av sprøyter og utstyr

Berthoud ryggsprøyte – AR pumper – Teejet og Hypro dyser

Manuell/elektrisk styring – GPS – Filter – Plast rørdeler – Skum utstyr

PÅ LAGER

Vi sender deler og utstyr til hele Norge.



Nordsjøvegen 613 - 4352 Kleppe - 51 42 06 10

Nettbutikk: **www.sproyte.no**



Sliter du med dårlig vann,
har du lite tilsig i brønnen,
eller skal du vil oppgradere ditt gamle
varmeanlegg til væske/vann varmepumpe.

Vi tar jobben.

Gratis synfaring.

- Vannboring med garanti
- Boring for varmepumpe/bergvarme
- Pøleboring og fundamentering
- Levering og montering av pumper og kollektor
- Boring under veg og annen spesial boring
- Trykking og spyling av nye og gamle borehull



Mobil: 90 99 00 41/48 06 96 46
e-post: post@brustugun.no
www.brustugun.no



Hordaland Bonde- og Småbrukarlag arbeider for vestlandsbonden

Meiner du at mangfald og ivaretaking av dei minste
bruka er viktig? Ta kontakt med oss og meld deg inn!

www.smabrukarlaget.no
hordaland@smabrukarlaget.no



Bli medlem
Send BONDE, namn
og nummer til 2030.



- Bidra til politisk påverknad
- Støtt norsk matproduksjon
- Bli ein del av fellesskapet
- Gode medlemsfordelar

MILJØVENLEG SKJELSAND

Kjemisk innhold:

- Kalsium: Ca 36%
- Magnesium: Ca 1%
- Kalsium rekna som kalsiumoksid (CaO) ca 50%.
- Kalsium rekna som kalsiumkarbonat (CaCO₃) ca 90%.
- Kalkverdi: Ca 30/40

Då skjelsand er eit reint naturprodukt kan det vera variasjonar i den kjemiske samansetnaden

Norsk skjelsand frå havet

Skjelsand er eit reint naturprodukt og består av delvis nedbroten kalkskal frå skjel og andre marine organismar. Sanden har vore avsett i om lag 500 millionar år, og utgjer i dag ein stor del av ordovisisk-silursk kalkstein i Noreg. Skjelsand i form av lausmassar ved kysten er hovudsakleg frå kvartærtida (siste 1,5 millionar år), og det skjer ei sakte nydanning av skjelsand. Skjelsand er hovudsakeleg å finna der det er straum og bølgeaktivitet, gjerne i tronge sund, vêrutsatte bukter og på lesida av holmar og skjær.

Skjelsand har eit høgt kalkinnhald og har difor mange bruksområder. Mellom anna vert den nytta til jordforbettring, for for fjørfe, strosand, tildekking av forureina havbotn, filtersand, og kalking av vassdrag. Skjelsand bidreg til å heva pH-verdien i terrenget og vatn, og vassprover syner dessutan at skjelsand binder opp tungmetall som til dømes bly.

Vår skjelsand vert teken opp med spesialiserte sandsugarar i frå 20-60 meters djupne. Sanden vert sikta for den hamne i lasterommet slik at ein får steinfri sand. Me har konsesjonar for å ta opp skjelsand fleire stader i landet, men det meste vert i hovudsak teken opp i Vestland fylke.

Skjelsand – Eit miljøvenleg, reint naturprodukt frå havet.

LANDBRUKSKALKING

Ferdig sikta – klar til bruk

Skjelsand er eit effektivt kalkingsmiddel med CaCO₃ som hovudkomponent, og som dekker dei fleste bruksområder der det ikkje er særleg bruk for ekstra magnesium. Med god finkelingsgrad verkar denne skjelsanden raskt og bygger opp ein kalkreserve i jord ved å auke basemetnadsgraden i jordbuffersystemet. Dei grovare partiklane utgjer ein kalkreserve som delvis vert løyst opp over ein kalkingsperiode på 5 år. Skjelsanden kan nyttast både i jordbruk, hagebruk, park/grøntareal og skogbruk. Skjelsand vil normalt ikkje støve under spreing.

ANDRE SKJELSANDPRODUKT

Roslagen Shipping AS er Noregs største skjelsandleverandør, og kan tilby skjelsand til fleire ulike føremål. Det vert levert skjelsand til jordbruk, fjørfe, vassforbettring, tildekking, strosand, badestrender, filtersand, mm.

GROV SKJELSAND

Me leverer sikta grov skjelsand som eignar seg godt til vassforbettring av fiskevatn og bekkar, drikkevatt, fjørfe og støvbindingsmiddel på grusveggar. I tillegg kan me leverastrosand av skjelsand som har sær gode eigenskapar.



ROSLAGEN SHIPPING AS
Leknesvegen 183
5915 Hjeltnes

post@roslagen.no
+47 412 48 128

Me leverer langs heile kysten!

WWW.ROSLAGEN.NO – WWW.SKJELSAND.NO

Aktuelt!

Frostfritt vatn Klippemaskin i fjøsen for sau og storfe



Stort utval av drikkekar, balje og bøtte med varme.



Kraftige maskiner med batteri eller for 230V.

Fødselshjelp



Kalvefødselshjelp.

Sele laga av solide nylonreimar.

Kalvevogn



Kalvevogna som tek liten plass.

Klauvbokssar



Klauvbokssar som gjer arbeidet lettare og sikrare. To modellar.

Matforedling



Kjøttkvern, pølsestappar, vakuumpakkemaskin m.m.

Nessemaskin

Sjøarsv. 5, 6994 Nessane Tlf. 57 69 48 00
www.nessemaskin.no

Vi har det meste rimelegare enn dei fleste!

Vi hjelper gjerne bønder med å gjøre jobben så enkel som mulig og å holde kyrne i toppform. Nå og for fremtiden.

Vi tilbyr gode løsninger innen melketeknikk og fjøsinnredning - for både nybygg og renovering av fjøs.



LIFLAND
AGRI

Tlf. 611 77 611
www.lifland.no

FJORDANE
LANDTEKNIKK AS

Tlf. 47 32 85 96
www.fjlandteknikk.no





Grafisk design: Innholdspartner AS ved Bjørnar Aske

Norsk Landbruksrådgiving Vest SA

NO 917 158 134 MVA

Krånavegen 5, 6823 Sandane

Postboks 197, 6822 Sandane

Sentralbord: 982 45 838

vest@nlr.no

vest.nlr.no



**Norsk
Landbruksrådgiving**

Vest